



FITJAR
Naturlegvis

Budsjett 2024
Økonomiplan 2024 – 2027

Fitjar kommune

Fitjar kommunestyre
12. desember, 2023

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Kommunedirektøren si innleiing.....	4
Statsbudsjettet	10
Endringar i drift - meir detaljert oversikt for 2024.....	10
Investeringar.....	11
Mål 2024-2027	17
Helse, miljø og tryggleik	19
Beredskap.....	20
Premissar for budsjettet.....	22
Økonomiske oversikter	24
Bevillingsoversikt – drift 2024	24
Bevillingsoversikt – investering 2024	25
Økonomisk oversikt etter art – drift 2024.....	26
Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i økonomiplanen og årsbudsjettet	26
Bevillingsoversikt – drift økonomiplan 2024 -2027.....	27
Bevillingsoversikt – investering 2024-2027	28
Økonomisk oversikt etter art – drift 2024 – 2027.....	29
Inntekter.....	30
Generelle inntekter	30
Finans	31
Disponering	32
Etatane sine driftsbudsjett.....	34
Helse, sosial og omsorg	34
Helseadministrasjon.....	35
Pleie og omsorgstenestene	39
Institusjonstenester	40
Habiliteringstenesta	41
Helsespesialistene	42
Nav	44
Oppvekst og kultur	46
Oppvekst	47
Rimbareid barne- og ungdomsskule	51
Øvrebygda skule.....	51

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Selevik skule	52
Svingen barnehage.....	52
Kultur.....	53
Samfunnsutvikling og drift	55
Plan, byggesak og oppmåling.....	55
Drift	56
Vatn, Avlaup og Renovasjon (VAR)	57
Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK).....	58
Brann og beredskap	58
Politisk leiing.....	60
Administrasjon	61
Økonomisk forvaltning	63

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Kommunedirektøren si innleiing

Me har no snart tilbakelagt året 2023 som har vore eit krevjande år økonomisk for Fitjar kommune. Heldigvis ser den økonomiske framtida langt lysare ut og økonomiplanen 2024 - 2027 vert framlagt med eit overskot på kr 19,75 mill. Grunnen til denne forbetra balansen er at inntektene til Fitjar kommune aukar markant dei neste åra.

Etter vellykka lobbyering overfor Storting og regjering har vindkraftkommunane no fått gjennomslag for produksjonsavgift på vindkraft. For Fitjar kommune vil dette aleine utgjera ca. 10 millionar kvart år. I tillegg vil innføring av grunnrenteskatt på både vindkraft og havbruk, samt store industriinvesteringar dei neste åra gje nye inntekter til kommunen.

Sjølv om desse ekstra inntektene gjev oss auka moglegheiter til både å styrka tenestetilbodet og å redusera skattar og avgifter, er det likevel viktig å understreka at det vil vere behov for økonomisk måtehald og god økonomistyring også for framtida.

Auka gjeld saman med auka renter gjer at kapitalkostnader vil vere meir tyngande i åra framover enn det me har vore vant med. Derfor må me heile tida utvikla oss for å bli betre, meir sørvisorienterte og bli meir effektiv.

Det siste må me løysa ved at me tar i bruk ny teknologi og smartare måtar å gjere ting på. Eit eksempel på dette er nye roterande senger som ein no testar ut på sjukeheimen. Sjølv om ein berre er i startfasen med denne uttestinga tyder tilbakemeldingane på at både brukarar og tilsette er nøgde så langt.

Eit anna eksempel på nye måtar å arbeide på er dei moglegheitene som kunstig intelligens (KI) gir. Mange kommunar er her komne langt på dette området og Trondheim kommune brukar no KI for å predikere sjukefråværet i helsesektoren. Som ein liten kommune vil Fitjar ikkje kunne vere i front når det gjeld utprøving av KI og ny teknologi, men me må likevel vere så raskt ute som me kan søkja lærdom frå andre kommunar som har testa dette ut før oss.

Pr 2. kvartal 2023 har Fitjar 3202 innbyggjarar. Dersom me held oss over 3200 innbyggjarar ved årskiftet vil me mista både småkommunetilskot og tilskot til ressurskrevjande tenester i småkommunar. I kommunebudsjettet 2024 er det lagt til grunn at me overstig 3200 innbyggjarar ved årskiftet og at me på grunn av det misser kr 4 100 000,- i inntekter allereie frå og med 2024. Det er alltid litt trist å missa gode og faste overføringar til Fitjar kommune, men det først skjer så er bra at det skjer i 2024 som er eit år der me får nye ekstraordinære inntekter som meir enn kompenserer dette.

Som nemnd innleiingsvis er rammevilkåra framover langt betre enn dei var for eit år sidan. Det betyr ikkje at me kan vere trygg på at økonomien også vil vere god i framtida. Også kommunar må ha større inntekter enn utgifter i dei årlege budsjetta for å ikkje komme i vanskar.

Dette betyr at me framleis må halde igjen på utgifter samstundes som me arbeider målretta for å bli betre og meir effektive. På denne måten kan me sikra ein sunn og berekraftig økonomi også på lang sikt.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Budsjettet er bygd på følgjande føresetnader

Kommuneplanen og økonomiplanen som styringsinstrument

"Kommuneplan sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040" legg føringar for retning, mål og prioriteringar i økonomiplanen. Kommuneplanen sine kapittel er:

- Levande sentrum og bulyst
- Fitjar i berekraftig vekst
- Smarte og kompetente kommunale tenester
- Den grønne kommunen
- Sterke saman

Kommuneplanen og Økonomiplanen er kommunen sine fremste styringsreiskap for lokale prioriteringar innan tenesteyting og samfunnsutvikling. Frå Fitjar kommune vert det i dagleg arbeid utført gode tenester til brukarar og innbyggjarar i Fitjar og dei kvalitetane skal me byggja vidare på. Kommuneøkonomien i ein "vanleg" kommune vil oftast vera stram, då behova for velferdstenester alltid vil vera større enn ressursane. Krava til prioritering aukar. Den demografiske endringa vil krevja større endringar i kommunale tenester.

Fitjar kommune sin økonomiske situasjon

Kommunesektoren yter grunnleggjande velferdstenester, og me har store ressursar og store oppgåver. I Fitjar kommune er me ca. 323 medarbeidarar, fordelt på ca. 247 årsverk. Fitjar kommune har ei nøktern drift av sine tenester, og det er berre eitt område som peikar seg ut med svært høg ressursbruk- ressurskrevjande tenester.

Statsbudsjettet 2023 viser ein vekst på 5,3 % i frie inntekter for Fitjar kommune, medan gjennomsnittet for landet er 4,7 %. Løns- og prisveksten (kommunal deflator) er 4,3 %, der lønsveksten, som tel med 57,5 % er på 4,9 %. Midlar for å dekke neste års lønsoppgjær er plassert på lønsreserven som er budsjettert med kr 5,0 mill. Statsbudsjettet tek ikkje omsyn til auken i folketalet i haust.

I økonomiplanen ser vi vesentleg auke i inntekter generert av lokale forhold, knytt til vindkraft, havbruk og nye industrietableringar i Fitjar. I motsett retning er det lagt til grunn at folketalet passerer 3200 innbyggjarar i løpet av 2023 noko som isolert sett vil medføra eit tap på 7,25 mill. på årsbasis. (Ut over dette vil fleire innbyggjarar gje auka overføringar, auka skatteinntekter og auka kostnader.)

Desse endringane betrar totalt sett Fitjar kommune sin økonomiske situasjon utover i økonomiplanperioden 2024-2027.

Inntekter

Eigedomsskatt

Kommunedirektøren foreslår ikkje endringar i satsen for eigedomsskatt i perioden 2024 – 2027. Pga. av fleire konkrete nærings- og industrietableringar i økonomiplanperioden er det lagt inn forventa auke i inntekter frå eigedomsskatt næring frå 2024.

Havbruksfondet

Vi har lagt inn ei forventa inntekt frå Havbruksfondet. Det ligg inne ei årleg inntekt frå produksjonsavgift på 2,8 mill. I tillegg ligg det inne 8,0 mill. annakvart år (2024 og 2026) som vår del av sal av nye konsesjonar. Fordeling av dei ulike ordningane er nye. Inntektsnivået er difor noko usikkert.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Avgift på landbasert vindkraft

Produksjonsavgift på vindkraft på land vart innført 1. juli 2022, med verknad for kommunen i år. I 2024 skal Fitjar få to øre per produsert kWh, og som vert auka til 2,3 øre med verknad for oss, i 2025. Avgifta vert utbetalt til kommunane året etter produksjonen.

NVE har berekna forventa årleg produksjon i Midtfjellet til 433 GWh. Kommunedirektøren har lagt inn kr 8,65 mill. i inntekter frå produksjonsavgifta i 2024 og kr 9,95 mill. frå 2025.

Kommunale avgifter

Kommunale avgifter vert nytta til å finansiere investeringar innan vatn- avløp og feiing (sjølvkost). Kommunen står framfor utfordringar innan både vass- og avlaupsområdet. Både forventa strengare krav til reinsing av avlaup og kapasitetsutfordringar på vassverket medfører at kommunen truleg må førebu seg på større investeringar på dette området.

Utbygging innan VA aukar dei kommunale avgiftene årleg i økonomiplanperioden. Vatn vert foreslått auka med 13,8 % i 2024, og 6,1 % i 2026. Prisstigning kjem i tillegg i åra 2025-2027. Avløp vert foreslått auka med 5,3 % i 2024, og 17,1 % i 2026. Prisstigning kjem i tillegg i åra 2025-2027.

Det vert lagt fram eiga sak om kommunale avgifter parallelt med budsjettet.

Tiltak som har effekt på fleire etatar:

Mottak av flyktningar

I kommunestyret 4. oktober vart det vedteke å leggja til rette for å ta i mot fleire flyktningar i 2024 (sak 53/2023). Kommunedirektøren har lagt inn eit aktivt tiltak om å ta i mot 15 flyktningar i 2024. For å få dette til, har me utsett nedtrappinga av organisasjonen som tek i mot flyktningar, med eitt år. Dette gjeld delstillingar på både helse og oppvekst. I tillegg er tilskot (økonomisk forvaltning) og direkte utgifter lagt inn.

Aktive tiltak: Ta i mot 15 flyktningar (samla)

2024	2025	2026	2027
181 427,-	- 2 632 396,-	- 2 078 249	- 1 320 000,-

Samordning tenestekontor

Jf. økonomiplanen for 2023 til 2026 ligg det inne ei styrking av tenestekontoret med ei 50 % stilling frå 2025. Kommunedirektøren foreslår at denne stillinga vert framskunda til 2024, samtidig som ein overfører ei 30 % stilling frå økonomi. Styrking av tenestekontoret med ei 80 % stilling inneber at tenesta får auke i arbeidsmengd, der ein skal gje vedtak på startlån, ansvar for leigekontraktar til dei kommunale bustadane. Tenestekontoret har hatt stor auke i sakshandsaming og saker som kjem inn under koordinerande eining, samt implementering av omsorgsteknologi.

Aktive tiltak: Samordning tenestekontor

	2024	2025	2026	2027
Helse	622 179,-	233 325,-	233 325,-	233 325,-
Administrasjon	- 307 711,-	- 230 783,-	- 230 783,-	- 230 783,-
Sum	314 488,-	2 542,-	2 542,-	2 542,-

Styrking rådhuset

I 2018 vart det iverksett eit innsparingstiltak på rådhuset. 3 stillingar fekk krav om at deler av stillingane skulle vera arbeid på eksternt finansierte prosjekt. Dette er stillingane helserådgjevar, rådgjevar på skulekontoret og kultursjef. I tillegg vart kundetorget redusert med 0,5 stilling. Arbeidsmengda som ligg til desse stillingane / tenestene er aukande, og me ser det som svært

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

krevjande å vidareføra desse kutta. Me har likevel ikkje lagt inn desse som aktivt tiltak. Dei bør likevel vurderast om dei skal reverserast.

Beløpa me snakkar om er:

Helserådgjever	178 347,-
Skulefagleg rådgjever	174 500,-
Kultursjef	100 000,-
Kundetorg	345 000,-

Konklusjon:

Kommunedirektøren legg fram forslag til Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 med eit samla overskot som tilfredsstillar kommunestyret sitt krav om 1 % årleg overskot. Me nyttar dei store ressursane til dei grunnleggjande velferdsoppgåvene.

Inntektsauke gjev oss eit større handlingsrom enn normalt. Dette handlingsrommet vert nytta. I budsjettet for 2024 føl me opp kommunestyrevedtak om kommuneplan, mottak av flyktingar, ekstraressursar til skulen og planlagde styrkingar. Me legg og inn ressursar for å møte auka behov frå brukarane.

Me har ei betring av det økonomiske resultatet utover i økonomiplanen, pga. av nye inntekter. Inntektene til kommunen, knytt til lokale forhold, aukar pga. av ny nasjonal skattlegging av vindkraft som har full verknad frå 2025, og store nye næringsetableringar på Årskog industriområde som aukar inntektene frå eigedomsskatt frå 2025. Dette har Fitjar kommune jobba for over lang tid, på ulike arenaer.

Om folketalsutvikling- og samansetting



Folketalet i Fitjar har dei siste par åra vore fallande, men er no på veg opp og me nærmar oss 3200 innbyggjarar. Dersom / når me passerer 3200 innbyggjarar vil me miste kr 7,25 mill. i overføringar som går til småkommunar. Me legg til rette for vekst i folketalet framover i tråd med SSB sin prognose (MMMM).

Fitjar kommune, på linje med dei fleste distriktskommunar, har ei klår demografisk utvikling. Me skal verta vesentleg fleire eldre, og har eit minkande tal på barn- og unge. Det siste sjølv om me får ein jamn vekst i folketalet. Den demografiske trenden er forsterka, når det gjeld talet på elevar, gjennom oppdaterte tal frå SSB. Utviklinga på talet eldre er noko redusert i høve tidlegare tal.

Dette betyr likevel at helse- og omsorgssektoren må prioriterast høgare, på kostnad av oppvekstsektoren. Konsekvensar går fram av ny Helse og omsorgsplan.

Parallelt jobbar vi med utvikling av Fitjar sin attraktivitet og næringsutvikling, som vil kunna auka tilflyttinga og gje folketalsvekst.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027



Om budsjettprosessen :

Arbeidet med økonomiplanen har gått føre seg i administrasjon i perioden august- oktober. Dei økonomiske utfordringane og omstillingsbehovet gjer at me arbeidar djupare i organisasjonen med både mål, økonomiske rammer og tiltak for å koma i balanse. Tiltak i budsjettet er drøfta i einingar og etatane i regi av etatssjefane, og i strategisk leiing.

Me har gjennomført informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 25.10.2023. AMU vil ha økonomiplanen til handsaming i november/desember, før endeleg handsaming i kommunestyret.

Me gjennomfører eit informasjonsmøte med kommunestyret om budsjettet 31.10 når kommunedirektøren offentleggjer budsjettet.

Når kommunestyret har fatta sitt økonomiplanvedtak 12.12.2023 vil rådmannen gjennomføre ein teknisk kontroll av budsjettet før det vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Mål i kommuneplanen 2020-2040

Kommunestyret vedtok 30.09.20 Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040.

Måla og strategiane i kommuneplanen skal vera førande for måla i økonomiplanen. Det er bra samsvar mellom desse i dag, og vi legg no kommuneplanen til grunn generelt, og måla i kapitla " Smarte og kompetente kommunale tenester" og "Den grønne kommunen" særskilt.

MÅL

- Fitjar kommune skal gjennom omstilling møte dei framtidige behova for velferdstenester, gjennom å ta i bruk ressursane til brukarane, kompetansen og engasjementet til leiarar og medarbeidarar, og gjennom samarbeid med lokalsamfunnet
- Fitjar skal nytta sin smådriftsfordel: liten, kjapp og kompetent.
- Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet i tenestene, effektivisere og for å møte rekrutteringsutfordringa.

I kommuneplanen er det sett mål for overgang til lågutsleppsamfunnet:

MÅL

- Fitjar skal redusere sine klimagassutslepp i tråd med nasjonale krav (2020: 45 % innan 2030 og 70% innan 2040 for å nå målet om 80-90 % reduksjon innan 2050 (1-2 tonn CO2 per innbyggjar).
- Fitjar kommune skal ha ambisiøse klimamål i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat.
- Fitjar kommune må utvikle samarbeid med næringsliv og sivilsamfunn i Fitjar for å nå måla.
- Fitjar skal nytta sine fortrinn innan grønne/blå næringar for å oppretthalda og skapa nye arbeidsplassar.
- Fitjar kommune skal sikra ei berekraftig arealforvaltning.

Konkretisering av måla skjer seinare i dokumentet.

Rapportering skjer i tertialrapportane til kommunestyret. Eit oversiktleg rapporteringssystem skapar etterspurnad etter resultat, og vil hjelpe til med å halda retning og tempo i organisasjonen sitt arbeid.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Statsbudsjettet

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2023 til 2024 med 5,1 mrd. Dette skal dekke 3,1 mrd. i meirutgifter knytt til demografi, og om lag 1,8 mrd. til auke i pensjonskostnader.

Fitjar kommune får 2,7 mill. i ordinært skjønstilskot, som er 200 000,- mindre enn i 2023.

Tilleggskompensasjonen for ressurskrevjande tenester er ikkje budsjettetert for 2024 då me ventar at folketalet vert over 3200. Fitjar kvalifiserer difor ikkje til dette tilskotet.

Endring i finansområda:

Rentemarknaden har endra seg mykje også dette året. Prisstigning fører til kraftig renteoppgang. Kommunedirektøren har lagt til grunn marknadsrentene per 11. oktober. Forventa NIBOR er (budsjettrenter 2023 i parentes):

2023 – 4,49 %	(3,69 %)
2024 – 3,91 %	(3,53 %)
2025 – 3,64 %	(3,36 %)
2026 – 3,57 %	

Fitjar kommune er nær nøytral med omsyn til renteesponering på eksisterande gjeld. Det vil seia at renteoppgang ikkje resulterer i større kostnader på eksisterande gjeld. Låneopptak til investeringar i 2024 må gjerast til eksisterande renter, og vert påverka fullt ut.

Total gjeld ved årsskiftet 2023/2024 vil vera om lag 298 mill. Kommunen investerer vesentleg meir enn det ein betalar i avdrag, slik at gjelda aukar. Det er planlagd å ta opp 149 mill. i nye lån i perioden. Lånegjelda vil difor auke, som fører til at renterisikoen også er til stades.

Endringar i drift - meir detaljert oversikt for 2024

Generelt

Pensjonskostnadane kjem til å auke kraftig dei kommande åra. Kommunedirektøren fortset tiltaket å nytta premiefond til betaling av pensjon.

Helse- og omsorg

- Talet på stillingar i etaten vert styrka med 0,7 årsverk.
- Me opnar to ekstra kortidsplassar på Havnahuset.
- Me held ei 50 % stilling i vakant i ein månad.
- Me legg inn eittårige sparetiltak i pleie og omsorg på til saman kr 200 000,-.
- Me legg inn ein reduksjon på sjukefråvær i pleie og omsorg på kr 149 562,-.
- **Kommunelegestillinga vert auka frå 20 % til 50 %.**

Oppvekst- og kultur

- Me gjennomfører "Plan for digitalisering 2020-2025"
- Vi opprettheld styrking av tiltak til enkeltbarn i revidert budsjett i 2024
- Nedtrekk i om lag 1 årsverk ved Øvrebygda skule frå 01.08.2024 når **7. klasse vert flytta til Rimbareid skule.**
- Ferieopen-SFO som eit prøveprosjekt i skuleåret 2024/25 med kostnad på kr 30 000,- i 2024 og kr 60 000,- i 2025.
- Me stipulerer ein auke i talet på tilsette frå 01.01.2023 (1 pedagog og 2-3 barne- og ungdomsarbeidarar) i den nye kommunale barnehagen.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

- Me reduserer tilskot til dei private barnehagane grunna stipulert fleire barn i den nye kommunale barnehagen.
- Me vil auka det kommunale tilskotet til Frivilligsentralen slik at det vert 200 000,- årleg.
- Fitjar E-sportssenter får eit eittårig tiltak på kr 125 000,- i oppstartsmidlar til drift.
- Vakant psykologstilling stilling i eit halvt år.
- Nye informasjonstavler kulturhistorisk tursti.
- Bokbudsjettet på biblioteket vert auka med 75 000,-.
- Bokprosjektet «Posthistorie» får 30 000,- i tilskot.

Samfunnsutvikling og drift (Plan- teknisk og landbruk)

- ~~Ny landmålar til erstatning for innkjøp av kart og landmålar tenester frå Austevoll kart.~~
- Justeringar i gebyrregulativet vert utsett til vedtak er fatta i forskrifts form på nyåret.
- Det er avsett 3,0 mill. til å reparera lekkasje i tak på Rimbareid skule
- Forventa straumutgifter er stipulert til 4,5 mill.
- Det er ikkje lagt inn endringar i gebyrregulativet på noverande tidspunkt, då dette kjem opp som eige sak. Endringar i gebyrregulativet må handsamast som forskriftssak.
- Auke i gebyrinntekter på 4,3 % både på vatn og avløp.
- ~~Auke i gebyrinntekter i 2026 på 6,1 % på vatn og 17,1 % på avløp.~~
- Idrettslaget får auke i tilskot på 130 000,-.
- Frisleppområde for hund.
- Fleksibelt nærbusstilbod.

Administrasjon:

- Vakanse i 3 månader, 100 % stilling som senior HR-ansvarleg (tiltak).
- Vakanse i 2 månader, 100 % stilling som personal- og organisasjonssjef (tiltak).
- Omprioritering av midlar internt i avdelinga, smart oppjustering av lisenskostnader, IKT.
- Kyrkja får 100 000,- i auke tilskot.
- Sluttavtale og rekruttering kommunedirektør.

Politisk leiing:

- I tilleggsløyvingsposten (lønsreserven) er det avsett midlar til å dekke ein lønsvekst på 4,9 %, jf. estimat i Statsbudsjettet.
- Løn til ordførar og varaordførar er lagt inn i tråd med kommunestyrevedtak 71/2023.
- Kontrollutvalet får bevillingsauke på 4,3 % (kommunal deflator).

Eigedomsskatt:

Kommunestyret reduserer eigedomsskatten på hus og hytter frå 2 til 1 promille i 2024, og tek han bort frå 2026.

Kommunale avgifter:

Sak om kommunale avgifter vert lagt fram for kommunestyret frå utval for plan og miljø.

Avgifter for vatn og avløp vert justert med kommunal deflator 4,3 %. Vidare skal kommunen sjølv dekke høvesvis 750 000,- og 250 000,- av opsamla underskot.

Investeringar

Fitjar kommune har eit investeringsbudsjett prega av at me har avgrensa ressursar til å gjennomføra dei. Tiltaka som er lagt fram er i all hovudsak tiltak som er naudsynte oppgraderingar av bygg og anlegg. Investeringstiltaka er forsøkt begrensa i talet, slik at dei som vert vedtekne også kan verta gjennomførte.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Nokre nybygg og rehabiliteringar frå tidlegare budsjett er utelate denne gong. Dette er på grunn av total investeringsmengde, og i påvente av tilstandsanalysen. Analysen vil danna grunnlag for blant anna rekkefølge på desse prosjekta. Av dei største bygga som er utelate er:

- Hjelpemiddellager
- Renovering gymsal Rimbareid
- Teknisk bygg

Investeringsnivået er knytt til finansielle måltal for å ivareta kommunen si økonomiske berekraft. Investeringsbudsjettet er ambisiøst med fleire store investeringar dei komande åra. Lånegjelda vil ikkje overstige det finansielle måltalet (90 % av brutto driftsinntekter) dersom prisstigninga er i tråd med forventninga. Høgare prisstigning gjev rom for høgare låneopptak, og lågare prisstigning reduserer moglegheita for å ta opp nye lån.

I investeringsbudsjettet ligg det inne ein del faste årlege investeringar. Dette er t.d. innan IKT veg og kultur. Me kommenterer ikkje desse tiltaka.

Dei største og dei nye forslaga til investeringar kommenterer me slik:

Kommunale bygg og vegar:

Tittel	2024	2025	2026	2027
Investeringar i 2024-2027				
Bygg og veg				
Leirpollvegen	11 000			
Kunstgrasbane	4 000			
Tilstandsanalyse	1 400			
Ventilasjon Rimbareid	3 000			
Lampar	1 100			
Bil driftsleiar	500			
Reinhaldsutstyr	220			
Bustadar rus		500	4 500	
Barnehage	1 000			
Veg	1 000	1 000	1 000	1 000
Trafikksikring	300	300	300	300
Samlokalisering aktivitetsavdeling		500	5 500	
Lokale ENØK-tiltak	1 000	1 000	3 000	
Styringsystem gatelys		400		
Sum Bygg og veg	25 520	3 700	14 300	1 300

Ventilasjonsanlegg Rimbareid skule

Ventilasjonsanlegget på mellomtrinnet, som vart ferdigstilt i 1995, er i dårleg forfatning, og må justerast manuelt kvar dag. Anlegget er ikkje del av den digitale overvakinga (SD-anlegget) me har på tekniske anlegg. Anlegget går i alarm kvar dag. Det er svært utfordrande å skaffa delar til anlegget. Me er utrygge på kor lang tid anlegget kan haldast i drift slik tilstanden er i dag. Nytt ventilasjonsanlegg må forventast å gje innsparing på straumutgifter.

Kunstgrasbane

Kommunestyret har i revidert budsjett for 2023 vedteke at kunstgrasbana skal renoverast. Det har ikkje vore høve til dette i 2023 på grunn av stor saksmengd og mange pågåande prosjekt

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

som må avsluttast, og dermed vert prosjektet føreslått for 2024. Føreslått løyving inkluderer både prosjektering og gjennomføring.

Lamper

Det er vedteke forbod mot å selja lysstoffrøyr, og desse vert no ikkje lenger mogleg å skaffa. Fitjar kommune har svært mange lamper som er treng lysstoffrøyr, og må skifta ut desse. Lampene bør skiftast ut bygg for bygg, der det samstundes bør vurderast lystype, tal og plassering, før montering av nye. Nye lamper vil gje innsparing på straum. Det bør løyvast midlar til dette i fleire år framover for å få skifta lamper på alle kommunen sine bygg.

Reinhaldsutstyr

Fitjar kommune sitt reinhaldsutstyr har behov for oppgradering. Det er naudsynt med ny moppemaskin, slik at det ikkje lenger må fraktast reine og skitne moppar mellom bygga, dessutan nye reinhaldstraller på Rimbareid skule og arbeidskle til alle reinhaldarane. Pr i dag har ikkje reinhaldarane arbeidskle, men me ser det som ynskjeleg å innføra.

Radioar brannvesen

Brannvesenet manglar tilstrekkeleg med radioar til mannskapa. I dag nyttar mannskapa delvis røykdykkarradioane i mangel av nok mannskapsradioar. Dette er ikkje ynskeleg, då desse har ulik funksjon. I tillegg er det behov for å investera i noko materiell slik som delar til radioar.

Tilstandsanalyse

Fitjar kommune har ein omfattande bygningsmasse med eit stort vedlikehaldsetterslep. Knappe driftsbudsjett over svært mange år har medført at me står føre omfattande vedlikehalds- og oppgraderingsbehov. Levetida til bygga vert betydeleg kortare når vedlikehaldsnivået er lågt, og kostnadane og ressursbruken med å henta inn etterslepet vert svært stor. Eit døme er Fitjarstølane barnehage, som måtte fasast ut før forventa levetid på grunn av manglande oppgradering. Vidare medfører manglande vedlikehald til at det må gjennomførast store reparasjonar, slik som taklekkasjen og ventilasjonsanlegget på Rimbareid skule som no må utbetrast for store kostadar.

Kommunen eig og forvaltar bygg og anlegg for store verdiar. For å kunna planleggja for framtida, bør tilstanden til alle dei kommunale bygga kartleggjast, og basert på resultata herifrå må det setjast opp forslag til vedlikehaldsplanar og -budsjett. Fyrst med tilstrekkeleg kunnskap om tilstanden til bygga, vil det vera mogleg å avgjera korleis me skal prioritera vedlikehaldet, og avgjera kva bygg som må fornyast, og i kva rekkjefølgje. Fitjar kommune har ikkje ressursar nok til å kunna handtera fleire store byggjeprojekt samstundes, og det vil difor vera naudsynt å avklara kva bygg som må levetidsforlengjast i påvente av nybygg/oppgradering mens oppgradering av andre bygg/anlegg pågår. Dette vil berre vera mogleg å avklara gjennom ein grundig tilstandsanalyse av den bygningsmassen me har.

Resultatet av tilstandsanalysen vil bidra til å gje grunnlaget for prioriteringane i framtidige investeringsbudsjett.

To stk bilar til S&D

Me føreslår å avslutta innkjøp av kart- og oppmålingstenester frå eksterne, og i staden tilsetja landmålar. For ei slik stilling er det behov for kommunal bil. Bilen er tenkt delt med etatssjef.

Det er tilsett ny driftsleiar, og stillinga har behov for å disponera kommunal bil. Drifta føregår på alle kommunens bygg, anlegg og eigedomar.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

VA investeringar:

Tittel	2024	2025	2026	2027
Investeringar i 2024-2027				
VAR				
Hogste		5 000	5 000	5 000
Vassverk	2 000	2 000	10 000	5 000
Sanering avlaupsleidning langs Fitjarelva	4 000			
Opprydding spreidd avlaup/ samling avlaup		5 000	10 000	10 000
Småanlegg vatn	500	500	500	500
Småanlegg avløp	500	500	500	500
Nytt avlaupsanlegg / mellombels oppgradering silanlegg	1 000	5 000		3 000
Sum VAR	7 000	17 000	45 000	33 000

Hogste

Dette prosjektet vert føreslått utsett til 2025. Tiltaket bør sjåast i samanheng med heile strekkja frå bedehuset i Øvrebygda og vestover mot Helland. Hogstegarden ligg midt på denne strekkja, og det er ikkje ynskjeleg å starta eit prosjekt midt på strekkja, når me veit at heile leidninga er dårleg.

Vassverk

Ved tørt ver dei siste somrane har det vore utfordringar med vassnivået i bassenget på vassverket. Dette skuldast ikkje låg vasstand i vasskjelda, men høg lekkasjeprosent på nettet og at anlegget ikkje kan produsera meir. Det er behov for å utgreia løysingar for framtidig vassforsyning i Fitjar kommune, der produksjonskapasitet, dimensjonering, forventa forbruk og også behov for reservevasskjelde er med i vurderinga. Beløpet føreslått for 2024 er midlar til utgreiing og forprosjektering før det vert lagt fram sak for politisk handsaming med val av konsept.

Sanering avlaupsleidning langs Fitjarelva

Avlaupsleidninga parallelt med Fitjarelva, på nordsida, er dårleg. Kamerainspeksjon syner mykje røter som er vakse gjennom røyret, noko som fører til innlekking av framandvatn på leidninga, men også fare for forureining. Ny leidning er allereie prosjektert, og posten i investeringsbudsjettet gjeld difor gjennomføring/entreprise.

Reinseanlegg

Nye og strengare reglar for avlaupshandtering er forventa som fylgje av det komande avlaupsdirektivet frå EU. Viss reglane vert vedtekne slik dei er føreslegne frå EU, vil det verta krav om sekundærreinsing av avlaup i Fitjar kommune. Det inneber at avlaupsvatnet må gjennom reinseanlegg, og der krava til reinsegrad er monaleg strengare enn i dag. Kommunen har i dag berre eit silanlegg, der fast stoff vert silt vekk og frakta bort, mens avlaupet elles går ureinsa ut i sjøen. Dette anlegget har me grunn til å tru at i dag er overbelasta, samanlikna med det utsleppsløyvet tillet. Det er naudsynt å kartleggja og utgreia alternativa for ei framtidretta løysing i samsvar med forventa reinsekrav, og det er tilrådd å gjera denne innleiande utgreiinga no, før silanlegget truleg må oppgraderast mellombels i påvente av ny og moderne reinseløysing.

Leirpollvegen

Føreslege løyving er i samsvar med investeringsavgjerda fatta i kommunestyret i juni 2023.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Brann og beredskap

Tittel	2024	2025	2026	2027
Radioar / utstyr	110			
Redningsbil		1 500		
Brannbil		5 000		
	110	6 500	0	0

Plan, byggesak og oppmåling

Tittel	2024	2025	2026	2027
Investeringar i 2024-2027				
Plan, byggesak og oppmåling				
Bil oppmålar	700	-	-	-
Sum Plan, byggesak og oppmåling	700	0	0	0

Oppvekst og kultur

Tittel	2024	2025	2026	2027
Investeringar i 2024-2027				
Skule og barnehage				
IKT skule	900	600	600	600
Inventar skule		150		100
Sum Skule og barnehage	900	750	600	700
Kultur og idrett				
Idretts og friluftsliv	400	400	400	400
Nye scenelys + mixar FKIB	485			
Sum Kultur og idrett	885	400	400	400

I 2024 vil me byrja å fornya lesebretta i skulen. I første omgang ser me for oss å fornya to klassesett.

Nytt budsjettpunkt av året er framlegg til ein årleg budsjettpost på 400 000,- til kommunal del av idretts- og friluftsprosjekt. I 2024 er det tenkt eit nærmiljøanlegg i Selevik.

Helse, sosial og omsorg

Tittel	2024	2025	2026	2027
Investeringar i 2024-2027				
Helse og omsorg				
Velferdsteknologi	300	600	300	600
FBB, korridorar og hall		500		
Startlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Sum Helse og omsorg	2 300	3 100	2 300	2 600

Innlån startlån vert overteke av helse, sosial og omsorg saman med samordningstiltaket på tenestekontoret.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Administrasjon

Tittel	2024	2025	2026	2027
Investeringar i 2024-2027				
Administrasjon				
IKT administrasjon	450	450	450	450
Adgangssystem	350			
Rekneskapssystem			1 000	
Eigenkapitalinnskot KLP	643	669	696	731
Fitjar Utvikling AS	1 500			
Framsikt	350			
Arkiv	1 500			
Sum Administrasjon	5 793	1 119	2 146	1 181
Kyrkja				
Gravplassen	200	200		
Minnelund	80	250		
Vognskjul	300	200		
Flombelysing av kyrkja			450	
Universell utforming kyrkja		100	200	2 000
Sum Kyrkja	580	750	650	2 000

Eigenkapitaltilskot KLP og Fitjar Utvikling er prosjekt som ikkje kan finansierast med lån. Desse vert finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Fitjar Utvikling avhenger av behovet til firmaet.

Adgangssystem gjeld Rimbareid skule og Fitjar bu- og behandling.

Arkivprosjektet gjeld naudsynt oppfølging etter tilsyn.

Kyrkja sine prosjekt er skildra i deira budsjettbrev.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Mål 2024-2027

Kommunestyret vedtok "Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040" 30.09.20

Måla i ny kommuneplan er førande for mål og strategiar i økonomiplanen

Måla som er prega av omstilling vart vedtatt for økonomiplanen 2019-2022. Måla bør haldast stabile over noko tid. Måla må ha større styringskraft, og organisasjonen må gjennomgå djupare endringar.

Kommuneplanen (*sitat*) løftar fram brukarperspektivet og dette er ein av nøklane til å lukkast i omstillingsarbeidet i kommunen:

Fokus på brukaren sine ressursar

Kvalitet skal prege alle tenester. I all tenesteyting vil me leite etter brukaren sine eigne ressursar, også i familie og nettverk. Ved å fokusere på brukaren sine ressursar får ein ei langt meir aktiv brukarrolle, og ein aukar samspelet med brukaren og den sitt nettverk. Slik kan fleire ressursar mobiliserast og fungere målretta saman. Eit ressursorientert brukarperspektiv tyder også at ein fokuserer på brukaren sine sterke sider. I den aldrende befolkninga er det vesentlege menneskelege ressursar som ein må nyttiggjere seg.

Me vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønskt ulikskap i befolkninga. Eit ressursorientert brukarperspektiv skapar meir jamvekt mellom brukaren og tenesteytaren som gjer gjensidige forventingar mogeleg.

I framtida vil ein måtte ivareta individuelle behov og retter, ved bruk av meir allmenne eller fellesskapsorienterte og kostnadseffektive arbeidsformer. Eksempelvis frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, utvikling av lågare trinn i omsorgstrappa. Kommunen må jobba førebyggjande og med dynamisk innsats.

Med utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv vil me leggja til rette for eit mangfald av tilbod om deltaking, aktivitet og opplevingar for alle aldersgrupper. Det utviklar meistring og sosiale fellesskap.

Tverrsektorielle mål:

Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet, effektivisere og for å møte rekrutteringsutfordringa.

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.
- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim.
- Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheitar og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring og reduksjon av spesialundervisning. Digitalisering skal effektivisera tenestene.
- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og redusere kommunen sine administrasjonskostnader.
- Iverksette «Plan for digitalisering 2020-2025»

Kompetente og engasjerte medarbeidarar er vår største ressurs

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

- Totalt sjukefråværet skal vera under 7,5 % innan 2025 gjennom vidareføring av IA-avtalen, tett oppfølging av sjukemelde og god dialog med leiarane.

Bygge partnarsskap mellom kommunen og omgjevnadane - kapasitetsbygging

- Attraktive Fitjar - Tettstadsutvikling, miljø- klima- og næringsutvikling.
- Ferdigstille og iverksette ny reguleringsplan for Fitjar sentrum
- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablera nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap
- Selskapet "Fitjar Utvikling AS" skal fremja og bidra til å realisere allmennyttige investeringar som byggjer Fitjar sin attraktivitet.
- Berekraftig distriktsmobilitet Living Lab Fitjar. 2-årig mobilitetsprosjekt.
- Ny kommuneplan arealdel 2025-2037

Finansielle måltal

Kommunestyret vedtok, i tråd med ny Kommunelov, finansielle måltal i sak 57/19.

- **Sunnheitsindikator** – Netto driftsresultat skal vera på minst 1 % av brutto driftsinntekter. I framlegget til budsjett ligg det inne eit samla overskot på over 1 % for heile økonomiplanperioden.
- **Gjeldsbelastningsindikator** – Langsiktig gjeld skal ikkje vera meir enn 90 % av brutto driftsinntekter. I budsjettframlegget har kommunedirektøren justert investeringstakten slik at gjeldsbelastinga skal halda seg under målalet. Med forventa prisstiging i perioden, endar me på 89 % i 2027.
- **Renteeksponeringsindikator** – Risiko som skildra i finans- og gjeldsforvaltningsreglementet, skal ikkje vera høgare enn låg risiko; 0,2 % av brutto driftsinntekter. Budsjettet legg opp til å etterleva kravet i heile perioden.
- **Likviditetsindikator** – Arbeidskapital skal vera minst 17 % av brutto driftsinntekter. Budsjettet legg opp til å etterleva kravet i heile perioden.
- **ROBEK-indikator** – Fri eigenkapital skal vera minst 10 % av brutto driftsinntekter. Budsjettframlegget legg opp til å nå dette målet i heile perioden. Budsjettert overskot er sett av til investeringar for å dempe gjeldsveksten.

Måla for sektorane er presentert på etat og einingar.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Helse, miljø og tryggleik

Etter rammeverk for personal og HMT vert det gjennomført vernerundar og risikovurderingar ved arbeidsplassane fyrste kvartal kvart år. Rapportane kjem som sak til Arbeidsmiljøutvalet før sommaren. Medan nokre av vurderingane går på arbeidsprosessar og utstyr, gjev andre eit bilete av at det er trong for investeringar. Det skal både for vernerundane og risikovurderingane vurderast om oppfølging kan skje i eininga, eller om det må følgjast opp sentralt i kommunen.

Funn i vernerunde og arbeidsmiljøomsyn er avgjerande for investeringsanbefalingane som er gitt i budsjettet. Bygging av ny barnehage er eit resultat av dei funn og risikovurderingar som er gjort på Fitjarstølane barnehage. Førebygging av eksponering kjemisk helsefare ved brannrøyk har vore avgjerande for investering i ny brannstasjon. Drivande for denne utbygginga har vore det landsdekkande tilsynet frå Arbeidstilsynet med brannstasjonar.

Eit viktig mål for 2024 og økonomiplanperioden er å redusere sjukefråværet. Frå perioden 2017 til 2019 har sjukefråværet vore stigande. I 2021 var sjukefråværet 7,7 %, ein reduksjon på 1,2 prosentpoeng frå 2020. Det var vidare ei auke i sjukefråværet i 2022 og i andre tertial 2022 var sjukefråværet på 7,5 %, og dette auka til 8,4 % i andre tertial 2023.

Koronapandemien har ført til ein auke i sjukefråværet, både i form av særeigne fråværskurver som føl mindre lokale smitteutbrot pålegg om karantene, og høgare fråvær som fylgje av lågare terskel for å halde seg heime (for å hindre smitte). I tillegg har pandemien ført med seg slitasje og rekrutteringsutfordringar. Det er uklart å seie når drifta vert normalisert på dette punktet. Det har i 2023 vore krevjande å tilsette både i helse og på oppvekst, og dette er ei nasjonal utfordring som også andre kommunar i regionen kjenner på.

For 2023 har personalavdelinga hatt ulike fasar; med ny ressurs på avdelinga var aktivitetsnivået i fyrste halvår høgt. For andre halvdel har aktivitetsnivået vore redusert grunna vakansar. Etter å ha rullert fleire større planar, hatt fokus på leiarutvikling og overordna problemstillingar, har avdelinga på slutten av året hatt nok med dag til dag drift.

Attføringsutvalet har hatt redusert aktivitet i 2023; som ein konsekvens av redusert kapasitet på avdelinga og auka fokus på oppfølging av den enkelte saman med næraste leiar. Utvalet er samansett av personalrådgjevar, ein representant frå bedriftshelsetenesta, hovudverneombod, og personalansvarleg. Utvalet har handsama langtidsfråvær som er meldt inn frå einingsleiarar, og saker som er identifisert via statistikk. Utvalet skal jamleg innhenta informasjon om oppfølginga av dei enkelte tilsette, og kjem med føringar for vidare oppfølging og tiltak. Det er eit mål at utvalet sitt arbeid skal visa igjen i tettare oppfølging på leiarnivå og saker som får midlertidige eller permanente løysingar.

For 2024 lyt kommunen setje seg mål for reduksjon av sjukefråværet. I HMT er målsettinga 10 % redusert sjukefråvær i kvar eining. Pandemien er over, drifta normalisert, og system og rutinar ligg klare for oppfølging av både kort- og langtidssjukemelde. Det er oppretta 4 stillingar i vikarpool i helse (2 sjukepleiarar og 2 helsefagarbeidarar) og 1-2 stillingar i (oppvekst). Det har teke tid å få tilsett i desse stillingane, men me håpar å sjå effekten av å ha vikarpool i 2024.

Leiarar lyt ha fokus på kulturbygging og korttidsfråvær på sine einingar, og samstundes halde fokus på langtidssjukemelde i samarbeid med personalavdelinga. Saman lyt ein prøve å etablere ein ny og trygg arbeidskvardag. Det bør vurderast å etablere lågterskel-tilbod som arbeidstrening for langtidssjukemelde.

Administrasjonen gjennomfører ei medarbeidarundersøking kalla 10-faktorundersøkinga kvart andre år. Undersøkinga går ut til alle tilsette, og vert følgt opp på avdelingsnivå. Undersøkinga skal resultere i ei tiltaksliste som avdelingane arbeidar med det neste året. Undersøkinga vert

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

skal etter planen gjennomførast for fjerde gang på nyåret 2024. Ein nyttar både eksterne og interne ressursar til gjennomføring og kompetanseheving.

Administrasjonen har også fokus på kompetanseheving hjå leiarane i kommunen. Me har nytta møtestaden «Leiarforum», som møtes omlag ein gang i kvartalet, til å gjennomføre felles opplæring. I 2021 og 2022 har brorparten av leiarane frå denne gruppa deltatt i eit utviklingsprogram som går over fem samlingar. I 2023 har fokus vært på kompetanseheving innanfor HMT-feltet, gjennomført av nyrekruttert senior hr-rådgjevar.

Velferdsklubben i Fitjar kommune blei skipa i desember 2013. Arrangementa til velferdsklubben har vist seg å være ein populær møteplass for dei tilsette, deltakartalet har vore jamt dei siste åra. Arrangementa er ein god samlingsplass for dei tilsette på tvers av avdelingar og fagområde. Kommunedirektøren ser at velferdsklubben har vore positiv for arbeidsmiljøet i Fitjar kommune, og vidareført det årlege tilskotet i økonomiplanperioden.

HMT-mål:

- Reduksjon i sjukefråvær med 10 % i kvar eining frå 2023 til 2024.
- Reduksjon i totalt sjukefråvær til 7,5% innan 2025 gjennom vidareføring av IA-avtalen, tett oppfølging av sjukemeldte og god dialog med leiarane.
- Alle leiarar i kommunen skal ha gjennomgått eller gjennomgå opplæring i arbeid med HMT og sjukefråvær.
- Medarbeidarundersøkinga skal følgjast opp i heile organisasjonen, og skal gjennomførast annakvart år.
- Alle einingar skal minimum årleg gjennomføra vernerunde og risikovurdering av fysisk og psykososialt arbeidsmiljø i tråd med føringar i HMT årshjul.
- Alle einingar skal rapportera avvik, uønska hendingar og forbettringsforslag, AUF, i Compilo, Kommunen si overordna målsetting er ei auke på 10 % (220 avvik i 2022 til 242 AUF-meldingar i 2023).
- Alle einingar er venta å ha minimum 10 prosent forbettringsforslag.
- Alle AUF-meldingar skal ha minimum eitt registrert tiltak.
- Personal møte skal haldast minst ein gang per halvår på kvar avdeling
- Leiarforum skal arrangerast minst fire gangar årleg
- Det skal gis informasjon om varslingsrutinar og kvalitetssystemet Compilo minst ein gang per år.
- Det skal tilbys influensavaksine til tilsette på institusjon.
- 0 skader med fråvær
- Kvart andre år skal det gjennomførast
 - HMT-kurs for verneombod og leiarar med personalansvar
 - Medarbeidarsamtalar
 - Medarbeidarundersøking på avdelingsnivå, og utarbeiding av tiltaksplan
 - Seniorsamtalar
 - Pensjonskurs med individuell oppfølging

Beredskap

Fitjar kommune vedtok «Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse» i sak PS 15/22 i kommunestyret 24. februar 2022 med følgjande vedtak:

Kommunestyret tar ROS-analyse revidert hausten 2021 til orientering, godkjenner akseptkriterier slik det ligg føre i planen og ber om at:

- 1. Forslag til førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak vert innarbeidd i det kommunale planverket.*
- 2. Den kommunale beredskapsplanen og andre planar vert oppjustert og revidert i samsvar med tilrådingane i ROS-rapporten.*

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

3. Risiko- og sårbarheits analyse (ROS) skal vere ein kontinuerleg prosess, og analysen skal reviderast med jamne mellomrom og minst ein gong kvart 4. år.

4. Kommunestyret ber om at det i tillegg til det som er kome fram vert lagt ekstra vekt på hendelser kring skogbrann nær bebyggelse og uønska hendelser knytt til drikkevasskjelda i arbeidet med einingane sine analyser.

Fitjar kommune har beredskapsråd, kriseleiing og psykososial krisegruppe. Me deltek på statsforvaltaren sine fylkesdekkande beredskapsøvingar. Arbeidet med beredskap er styrka for heile organisasjonen ved innføring «Beredskapsveka» i veke 3 kvart år. Då jobbar organisasjonen med internkontroll beredskap på alle einingar, og gjennomfører øvingar.

Verden og Europa opplever no eit trusselbilde i bevegelse som gjer at ein må vere førebudd på det meste. Fitjar kommune tar dette på høgste alvor og har også nyleg gått til innkjøp av mellom anna 2 nye satellittelefonar og dieseltank på Årskog slik at me i eit avgrensa tidsrom har diesel til eigne aggregat dersom det skulle bli behov for å ta desse i bruk. Fitjar kommune har også eit tilstrekkeleg tal jod tablettar på lager og har førebudd utdeling av desse dersom radioaktivitet skulle bli ei utfordring i vår kommune.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Premissar for budsjettet

Gebyr og avgifter:

- a. Ved utrekning av forskotsskatt og forskotstrekk for 2023 og likninga for 2022 nyttar ein følgjande satsar: Inntektsskatt for personlege skatteytarar følgjer høgaste sats, justert i høve Stortinget sine vedtak.
- b. Endringar i kommunale avgifter for vass, kloakk, brannsyn og feiing og tilsyn med fyringsanlegg går fram av eiga sak.
 - Årsgebyr vatn vert auka med 4,3 %
 - Årsgebyr avløp vert auka med 4,3 %
 - Årsgebyr for feiing og brannsyn vert uendra frå 2023
 - Påkoplingsavgift for vatn og avløp aukar med 4,3 %
 - Avgifter for renovasjon og slam vert sett til framlegg frå SIM
- c. Festeavgiftene på Fitjar kyrkjegard vert vedteke i samsvar med vedtak i Fitjar Kyrkjelege Felle råd:
 - a. Festeavgift per år 250,-
 - b. Reservering av grav 4 000,-
 - c. Seremoni i kyrkja for utanbygds og ikkje-medlem 4 000,-
 - d. Gravlegging utanbygds, kistegrav 8 000,-
 - e. Gravlegging utanbygds, urnegrav 4 000,-
- d. Administrasjonsavgiftene for festeavgifter i Fitjarstølane bustadfelt vert uendra i høve til 2023.
- e. Betaling for kommunal barnehage følgjer maksimalpris sett av staten.
- f. Betalingssats for SFO vert auka med 4,3 % frå 1. august 2024.
- g. Betalingssats for kulturskulen vert auka med 4,3 % frå 1. august 2024.
- h. Kjøp av mat frå sjukeheimen vert auka med 4,3 % i 2024
- i. Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring vert auka med 4,3 % i 2024. Justering under 2G aukar i samsvar med statleg sats.
- j. Dagspris for dagsenter for demente vert auka med 4,3 % i 2024.
- k. Vederlag for opphald i institusjon vert fastsett på grunnlag av vedtekter fastsette av staten. Maksimal betalingssats i Fitjar bu- og behandlingssenter vert fastsett til 122 414,- per måned / 4 080,- per døgn.
- l. Husleigesatsar ver justert med 4,3 % i høve til 2023.
- m. Sosialsatsane føl Statens sine satsar i 2024.
- n. Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:
 - a. Små born (10 %) 266 749,-
 - b. Store born (10 %) 138 402,-
 - c. Kapitaltilskot Vert publisert på Utdanningsdirektoratet sine nettsider

Eigedomsskatt:

I samsvar med eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert følgjande nytta for skatteåret 2023:

- a. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på faste eigedommar i heile kommunen.
- b. Eigedomsskattesatsen vert sett til på 6,0 promille for næringseigedommar, og 1,0 promille for andre eigedommar.
- c. For bustaddel av eigedommar, inkludert fritidseigedommar, som ikkje nyttast til næringsverksemd gjeld eit botnfrådrag på kr 350 000,-av takstverdi.
- d. I samsvar med eigedomsskattelova §7a skal følgjande eigedommar har fritak:
 - I. Prestegarden (huset), FKIB AS, Havnahuset, Fitjartun, Hamn burettslag, Fitjar vidaregåande skule, bedehus, gamle skulehus (grendehus), Fjellheim Friluftsbarnehage, Fitjar Soknerådsbarnehage, Årskog barnehage og Friluftsrådet Vest.
- e. I samsvar med eigedomsskattelova §7b om fritak for historiske bygningar vert det gjeve fritak etter søknad etter følgjande kriteria:
 - I. Fritak for bygningar bygd i 1920, eller tidlegare som er registrert med kategori **A** i Kulturminneplanen.
 - II. Fritak for bygningar i kategori **S**. Objekt som kan søkjast inn i kategori **S** er:
 - Bygg med kategori **B** i KMP, som er bygd før 1920

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

- Bygg med Kategori **A** i KMP, men bygd etter 1920

- III. Følgjande bygningar er friteke etter søknad i 2022, og vert friteke vidare for 2024:
- Gnr/bnr 39/2: bygg nr. 174186073 og 174186103
 - Gnr/bnr 64/64: bygg nr. 174197520
 - Gnr/bnr 79/4: bygg nr. 174205531 og 174205582
 - Gnr/bnr 84/4: bygg nr. 174210616

- f. Bustadhus (ikkje hytter) som er inntil 5 år gamle, skal ha halv eigedomsskatt.
g. Eigedomsskatten skal for 2024 betalast i fire terminar.
h. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekte skattevedtekter i «Rammer og retningslinjer for eigedomsskatt», vedteke 22.04.2021. Rammer for 2024 vert justert etter dette vedtaket.

Låneopptak:

- a. Det vert teke opp nye lån på inntil kr 35 572 000,- til investeringsføremål i 2024.
b. Det vert teke opp lån til vidareformidling på inntil kr 2 000 000,-.

Fond:

- a. Det vert vedteke å nytta følgjande fond til finansiering av driftsbudsjettet i 2022:
I. 39 734,- frå velferdsfond sjukeheimen
b. Det vert vedteke å setja av til følgjande fond i 2022:
I. 19 804,- til museumsfondet
II. 104,- til viltfondet
c. Inntekter og kostnader med renovasjon og slam vert ført mot renovasjons- og slamfondet i samsvar med oppgåver frå SIM.

Driftstilskot

Fitjar Kommune gjev driftstilskot til følgjande organisasjonar:

- | | |
|----------------------------------|------------------------------------|
| a. Fitjar Kyrkjelege Fellesråd | kr 2 798 400,- |
| b. Fitjar kultur- og idrettsbygg | kr 250 000,- |
| c. Fitjar Frivilligsentral | kr 244 368,- (ekskl. statstilskot) |
| d. Håkonarspelet | kr 100 000,- |
| e. Reiselivskoordinator | kr 50 000,- |
| f. TV-aksjonen | kr 7 000,- |
| g. Fitjar idrettslag | kr 530 000,- |

Oppvekst og kultur disponerer kr 50 000,- til kulturmidlar i 2024.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Økonomiske oversikter

Bevillingsoversikt – drift 2024

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskot	-118 979	-123 961	-124 967	-130 316
Inntekts- og formuesskatt	-108 251	-101 316	-102 862	-113 848
Eigedomsskatt	-20 871	-20 983	-21 247	-19 297
Andre generelle driftsinntekter	-12 730	-4 365	-4 365	-19 450
Sum generelle driftsinntekter	-260 832	-250 625	-253 441	-282 911
Sum bevilling drift, netto	251 033	243 161	249 870	277 397
Brutto driftsresultat	-9 799	-7 464	-3 571	-5 513
Renteinntekter	-1 499	-2 003	-2 151	-2 904
Utbytte	-994	-869	-1 119	-1 229
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	393	-707	-698	-926
Renteutgifter	5 767	10 606	10 566	13 004
Avdrag på lån	12 561	14 624	14 089	14 691
Netto finansutgifter	16 228	21 651	20 687	22 636
Motpost avskrivningar	-14 432	-14 433	-15 418	-15 486
Netto driftsresultat	-8 003	-246	1 699	1 636
Disponering / dekking av netto driftsresultat				
Overføring til investering	104	246	575	1 914
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 729	63	250	52
Bruk av bundne driftsfond	-2 515	-528	-101	-40
Avsetjingar til disposisjonsfond	8 685	464	-2 423	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-3 562
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	8 003	246	-1 698	-1 636
Ført til inndecking i seinare år	0	0	0	0
Bevilling drift				
Helse og sosial	15 275	15 095	15 534	16 573
Institusjon	28 590	28 922	30 150	31 535
Heimebaserte tenester	20 793	19 191	20 152	21 083
Habilitering	27 627	25 331	24 062	33 309
Helsespesialistar	12 447	8 770	10 950	12 749
NAV	8 092	12 982	13 376	15 093
Sum Helse, sosial og omsorg	112 824	110 290	114 224	130 343
Skule og oppvekstadministrasjon	29 562	28 532	30 324	29 872
Rimbareid skule	40 193	37 821	41 578	42 187
Øvrebygda skule	7 184	6 913	7 225	7 927
Selevik skule	5 077	4 905	5 000	5 037
Fitjarstølane barnehage	8 003	8 234	8 262	10 357
Kultur	2 833	2 993	3 132	3 795
Sum Oppvekst og kultur	92 853	89 397	95 522	99 175
Plan, byggesak og oppmåling	434	516	565	617
Drift og vedlikehald	24 048	21 610	22 461	26 888
VAR	-696	-2 283	-2 426	-3 469
SFLMK	4 183	3 910	3 291	3 933
Brann og beredskap	5 695	4 507	4 600	5 575
Sum Samfunnsutvikling og drift	33 663	28 260	28 491	33 543
Politisk leing	3 624	11 134	6 556	9 904
Administrasjon	14 802	14 593	15 749	17 752
Økonomisk forvaltning	-6 733	-10 514	-10 672	-13 320
Sum bevilling drift	251 033	243 161	249 870	277 397

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Bevillingsoversikt – investering 2024

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringar i varige driftsmidlar	44 720	73 255	47 431
Tilskot til andre sine investeringar	348	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	593	3 710	2 143
Utlån av egne midlar	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0
Sum investeringsutgifter	45 661	76 965	49 574
Kompensasjon for meirverdiavgift	-7 575	-14 801	-9 686
Tilskot frå andre	-1 065	-750	0
Sal av varige driftsmidlar	-236	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	-9	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottakne avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0
Bruk av lån	-36 716	-52 900	-35 831
Sum investeringsinntekter	-45 601	-68 451	-45 517
Vidareutlån	1 495	2 000	2 000
Bruk av lån til vidareutlån	-1 495	-2 000	-2 000
Avdrag på lån til vidareutlån	2 100	2 000	2 000
Mottatte avdrag på vidareutlån	-1 076	-1 150	-1 200
Netto utgifter vidareutlån	1 024	850	800
Overføring frå drift	-104	-104	-1 914
Avsetjingar til bundne investeringsfond	-2 172	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	1 076	-850	-800
Avsetjingar til ubunde investeringsfond	-593	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	709	-8 410	-2 143
Dekking av tidligare års udekkede beløp	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	-1 084	-9 364	-4 857
Framført til inndecking i seinare år (udekkede beløp)	0	0	0

Nettoinvesteringar fordelt på etatane

Eining	2024	2025	2026	2027
Sum Samfunnsutvikling og drift	32 630	28 200	40 300	25 300
Sum Administrasjon	5 373	1 869	2 796	3 181
Sum Oppvekst og kultur	1 785	1 150	1 000	1 100
Sum Helse og omsorg	2 300	3 100	2 300	2 600
Totale investeringar	42 088	34 319	46 396	32 181
Av dette er VAR-investeringar	8 000	18 000	26 000	24 000

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Økonomisk oversikt etter art – drift 2024

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskot	-118 979	-121 824	-124 967	-130 316
Inntekts- og formuesskatt	-108 251	-102 701	-102 862	-113 848
Eigedomsskatt	-20 871	-20 983	-21 247	-19 297
Andre skatteinntekter	0	0	0	-8 650
Andre overføringer og tilskot fra staten	-12 730	-4 065	-4 365	-10 800
Overføringer og tilskot frå andre	-58 229	-68 435	-64 747	-78 362
Brukarbetalingar	-7 290	-7 502	-7 033	-7 166
Sals- og leigeinntekter	-26 368	-27 897	-28 080	-29 343
Sum driftsinntekter	-352 718	-353 406	-353 300	-397 782
Lønsutgifter	163 028	161 790	168 032	188 971
Sosiale utgifter	41 338	41 891	42 690	49 490
Kjøp av varer og tenester	106 078	96 260	103 024	105 639
Overføringer og tilskot til andre	18 043	31 640	20 566	32 682
Avskrivningar	14 432	14 433	15 418	15 486
Sum driftsutgifter	342 919	346 014	349 729	392 268
Brutto driftsresultat	-9 799	-7 392	-3 571	-5 513
Renteinntekter	-1 499	-2 003	-2 151	-2 904
Utbytte	-994	-719	-1 119	-1 229
Vinster og tap på finansielle omløpsmidlar	393	-707	-698	-926
Renteutgifter	5 767	10 606	10 566	13 004
Avdrag på lån	12 561	14 624	14 089	14 691
Netto finansutgifter	16 228	21 801	20 687	22 636
Motpost avskrivningar	-14 432	-14 433	-15 418	-15 486
Netto driftsresultat	-8 003	-24	1 699	1 636
Overføring til investering	104	0	575	1 914
Avsetjingar til bundne driftsfond	-2 515	63	250	52
Bruk av bundne driftsfond	1 729	-528	-101	-40
Avsetjingar til disposisjonsfond	0	488	-2 423	0
Bruk av disposisjonsfond	8 685	0	0	-3 562
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	8 003	23	-1 698	-1 636
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	-0	0	-0

Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i økonomiplanen og årsbudsjettet

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Pensjonsforpliktingar						
KLP	325 900	346 900	363 898	378 454	393 592	409 336
SPK	35 032	36 125	37 895	39 411	40 987	42 627
Sum pensjonsforpliktingar	360 931	383 025	401 793	417 864	434 579	451 962
Lån						
Lån til fastrente	98 472	126 072	136 684	142 742	160 077	170 469
Lån til flytande rente	186 379	171 921	182 533	188 591	205 926	216 318
Sum lån	284 851	297 993	319 217	331 334	366 004	386 787
Rentebytteavtalar						
Nordea	30 500	10 000	10 000	10 000	0	0
Sparebanken Vest	27 500	27 500	27 500	27 500	27 500	27 500
Sum rentebytteavtalar	58 000	37 500	37 500	37 500	27 500	27 500

Alle rentebytteavtalar betalar Fitjar kommune fastrente og mottak flytande rente

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Bevillingsoversikt – drift økonomiplan 2024 -2027

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Rammetilskot	-130 316	-131 095	-130 997	-130 901
Inntekts- og formuesskatt	-113 848	-113 848	-113 848	-113 848
Eigedomsskatt	-19 297	-23 947	-26 350	-26 350
Andre generelle driftsinntekter	-19 450	-12 750	-20 750	-12 750
Sum generelle driftsinntekter	-282 911	-281 640	-291 945	-283 849
Sum bevilling drift, netto	277 397	272 490	272 308	275 812
Brutto driftsresultat	-5 513	-9 150	-19 636	-8 037
Renteinntekter	-2 904	-2 483	-3 028	-2 465
Utbytte	-1 229	-1 229	-1 019	-1 019
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-926	-815	-665	-444
Renteutgifter	13 004	13 525	14 112	15 559
Avdrag på lån	14 691	15 172	15 439	16 536
Netto finansutgifter	22 636	24 170	24 839	28 167
Motpost avskrivningar	-15 486	-15 626	-15 926	-16 950
Netto driftsresultat	1 636	-606	-10 724	3 180
Disponering / dekking av netto driftsresultat				
Overføring til investering	1 914	856	2 721	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	52	52	1 282	52
Bruk av bundne driftsfond	-40	-40	-40	-1 270
Avsetjingar til disposisjonsfond	0	0	6 761	0
Bruk av disposisjonsfond	-3 562	-261	0	-1 962
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	-1 636	606	10 724	-3 180
Ført til inndecking i seinare år	0	0	0	0
Bevilling drift				
Helse og sosial	16 573	16 819	16 693	16 693
Institusjon	31 535	31 585	31 585	31 585
Heimebaserte tenester	21 083	21 133	21 133	21 133
Habilitering	33 309	32 603	32 603	32 603
Helsespesialistar	12 749	11 644	11 644	11 368
NAV	15 093	10 198	9 098	8 712
Sum Helse, sosial og omsorg	130 343	123 983	122 757	122 095
Skule og oppvekstadministrasjon	29 872	32 536	31 975	31 680
Rimbareid skule	42 187	41 092	40 377	40 377
Øvrebygda skule	7 927	7 459	7 459	7 459
Selevik skule	5 037	5 037	5 037	5 037
Fitjarstølane barnehage	10 357	10 837	10 837	10 837
Kultur	3 795	3 620	3 620	3 620
Sum Oppvekst og kultur	99 175	100 580	99 305	99 010
Plan, byggesak og oppmåling	617	117	-133	-383
Drift og vedlikehald	26 888	24 008	23 908	23 908
VAR	-3 469	-3 329	-4 292	-3 268
SFLMK	3 933	3 933	3 933	3 933
Brann og beredskap	5 575	5 575	5 575	5 575
Sum Plan, utvikling og teknisk	33 543	30 304	28 990	29 765
Politisk leiing	9 904	11 019	12 919	12 919
Administrasjon	17 752	17 434	16 407	16 137
Økonomisk forvaltning	-13 320	-10 830	-8 070	-4 113
Sum bevilling drift	277 397	272 490	272 308	275 812

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Bevillingsoversikt – investering 2024-2027

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Investeringar i varige driftsmidlar	47 431	39 562	54 625	36 812
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 143	669	696	731
Utlån av egne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	49 574	40 231	55 321	37 543
Kompensasjon for meirverdiavgift	-9 686	-7 912	-10 925	-7 362
Tilskot frå andre	0	0	0	0
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0	0
Bruk av lån	-35 831	-30 820	-41 006	-29 485
Sum investeringsinntekter	-45 517	-38 732	-51 931	-36 847
Vidareutlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av lån til vidareutlån	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Avdrag på lån til vidareutlån	2 000	2 000	2 000	2 000
Mottatte avdrag på vidareutlån	-1 200	-1 250	-1 300	-1 350
Netto utgifter vidareutlån	800	750	700	650
Overføring frå drift	-1 914	-856	-2 721	0
Avsetjingar til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-800	-750	-700	-650
Avsetjingar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	-2 143	-643	-669	-696
Dekking av tidligare års udekkede beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	-4 857	-2 249	-4 090	-1 346
Framført til inndecking i seinare år (udekkede beløp)	0	0	0	0

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Økonomisk oversikt etter art – drift 2024 – 2027

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Rammetilskot	-130 316	-131 095	-130 997	-130 901
Inntekts- og formuesskatt	-113 848	-113 848	-113 848	-113 848
Eigedomsskatt	-19 297	-23 947	-26 350	-26 350
Andre skatteinntekter	-8 650	-9 950	-9 950	-9 950
Andre overføringer og tilskot frå staten	-10 800	-2 800	-10 800	-2 800
Overføringer og tilskot frå andre	-78 362	-75 792	-72 932	-69 607
Brukarbetalingar	-7 166	-6 686	-6 686	-6 686
Sals- og leigeinntekter	-29 343	-29 153	-30 426	-29 726
Sum driftsinntekter	-397 782	-393 271	-401 988	-389 868
Lønsutgifter	188 971	184 927	183 079	182 533
Sosiale utgifter	49 490	49 429	49 046	48 934
Kjøp av varer og tenester	105 639	101 594	100 648	100 028
Overføringer og tilskot til andre	32 682	32 544	33 654	33 386
Avskrivningar	15 486	15 626	15 926	16 950
Sum driftsutgifter	392 268	384 121	382 352	381 831
Brutto driftsresultat	-5 513	-9 150	-19 636	-8 037
Renteinntekter	-2 904	-2 483	-3 028	-2 465
Utbytte	-1 229	-1 229	-1 019	-1 019
Vinster og tap på finansielle omløpsmidlar	-926	-815	-665	-444
Renteutgifter	13 004	13 525	14 112	15 559
Avdrag på lån	14 691	15 172	15 439	16 536
Netto finansutgifter	22 636	24 170	24 839	28 167
Motpost avskrivningar	-15 486	-15 626	-15 926	-16 950
Netto driftsresultat	1 636	-606	-10 724	3 180
Overføring til investering	1 914	856	2 721	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	52	52	1 282	52
Bruk av bundne driftsfond	-40	-40	-40	-1 270
Avsetjingar til disposisjonsfond	0	0	6 761	0
Bruk av disposisjonsfond	-3 562	-261	0	-1 962
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar	-1 636	606	10 724	-3 180
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	-0	-0	-0	-0

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Inntekter

Generelle inntekter

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskot	-118 979	-123 961	-124 967	-130 316
Inntekts- og formuesskatt	-108 251	-101 316	-102 862	-113 848
Eigedomsskatt	-20 871	-20 983	-21 247	-19 297
Andre generelle driftsinntekter	-12 730	-4 365	-4 365	-19 450
Sum generelle driftsinntekter	-260 832	-250 625	-253 441	-282 911

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Rammetilskot	-130 316	-131 095	-130 997	-130 901
Inntekts- og formuesskatt	-113 848	-113 848	-113 848	-113 848
Eigedomsskatt	-19 297	-23 947	-26 350	-26 350
Andre generelle driftsinntekter	-19 450	-12 750	-20 750	-12 750
Sum generelle driftsinntekter	-282 911	-281 640	-291 945	-283 849

Rammetilskot

Inntektsutjamninga er teknisk sett ein del av rammetilskotet, men vert kommentert under skatt.

I rammetilskotet for 2024 er det ei større endring. Det ligg inne midlar til å dekke konsekvensar av redusert foreldrebetaling for barnehageplass. Saman med løns- og prisstigning aukar difor tilskotet med ca. 7,75 mill. Netto skatteinngang aukar med om lag 6,1 mill.

Det er alltid endringar i utgiftsbehovet, som vert berekna etter 24 kriterium hovudsakleg basert på demografi. «Barn 1 år utan kontantstøtte» er normalisert (me fekk eit stort trekk på dette kriteriet i 2023). I tillegg er dei største endringane på 2-5 år (nedgang på 3,5 mill.), 6-16 pr (tillegg på 1,7 mill. og PU over 16 år (tillegg på 1,5 mill.)). Fitjar kommune er ein kommune som skal ha 7,5 % høgare utgifter enn landsgjennomsnittet.

Det er venta at nytt inntektssystem tek til å gjelda frå 2025. I høyringsframlegget er det særskild to endringar som vil påverka Fitjar. Dersom distriktsindeksen vert som framlagt, vil me kvalifisere for Sør-Noreg tilskotet (når me vert 3200 innbyggjarar). Det er difor lagt inn forventning om ca. 1,5 mill. i dette tilskotet som kjem i staden for småkommunetilskotet. Omlegginga av PU-tilskot og tilskot til ressurskrevjande tenester vil truleg også bidra positivt, men er ikkje lagt inn.

Kommunestyret har lagt inn 2,0 mill. årleg frå 2025 i forventning om «Frivillig liten»-tilskot.

Skatt

Forventa skatteinngang er berekna ut frå KS si prognose, men med forventa folketal i Fitjar på 3200 personar per 1. januar 2024. Skatteinntektene er forventa å bli kr 110 328 000,- (opp frå kr 104 657 000,-) og inntektsutjamninga er forventa å auka med kr 475 000,- til kr 9 976 000,-.

Kommunestyret har lagt inn forventning om 300 000,- i årleg meirinntekt netto, på skatteinntekter.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Eigedomsskatt

Det ligg inne auke i skattegrunnlaget som følgje av ny næringsverksemd utover i perioden.

Kommunestyret reduserer eigedomsskatten på hus og hytter frå 2 til 1 promille i 2024, og tek han bort frå 2026.

Kommunestyret oppjusterer forventa eigedomsskatt på nye næringsinvesteringar med 1,2 mill. frå 2026.

Andre generelle driftsinntekter

Produksjonsavgift på havbruk kjem årleg og er forventa å gje 2,8 mill. i inntekter. I 2024 og 2026 kjem det ekstra inntekter på grunn av havbruksauksjonar. Desse er forventa å gje 8,0 mill. ekstra dei åra. Ordninga med havbruksmidlar har vore endra fleire gongar dei siste åra, slik at inntektsnivået er noko usikkert.

Produksjonsavgift på vindkraft gjev Fitjar kommune 2 øre per produsert kWh. Normalproduksjon er i følgje NVE på 4,33 TWh. Det er lagt inn 8,65 mill. i forventa produksjonsavgift i 2024. Avgifta vert auka i 2024 til 2,3 øre. Dette får først effekt for kommunen i 2025. Det er lagt inn 9,95 mill. i årlege inntekter frå 2025.

Finans

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Renteinntekter	-1 499	-2 003	-2 151	-2 904
Utbytte	-994	-869	-1 119	-1 229
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	393	-707	-698	-926
Renteutgifter	5 767	10 606	10 566	13 004
Avdrag på lån	12 561	14 624	14 089	14 691
Netto finansutgifter	16 228	21 651	20 687	22 636
Motpost avskrivningar	-14 432	-14 433	-15 418	-15 486

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Renteinntekter	-2 904	-2 483	-3 028	-2 465
Utbytte	-1 229	-1 229	-1 019	-1 019
Vinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-926	-815	-665	-444
Renteutgifter	13 004	13 525	14 112	15 559
Avdrag på lån	14 691	15 172	15 439	16 536
Netto finansutgifter	22 636	24 170	24 839	28 167
Motpost avskrivningar	-15 486	-15 626	-15 926	-16 950

Renter:

Rentebana ein legg til grunn, er marknadsrenter frå 11. Oktober.

	2024	2025	2026	2027
Forventa NIBOR 3mnd	4,49 %	3,91 %	3,64 %	3,57 %

I tillegg er det berekna ulike påslag på dei ulike renteutgiftene og -inntektene.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Prognosen frå rentemøtet 20. september er at styringsrenta blir liggjande på rundt 4,5 prosent i 2024. Neste rentemøte vert 2. november.

Prisstigningstal publisert frå SSB i oktober, syner ein avtakande prisvekst.

Låneavdrag drift

Ny kommunelov gjev ny berekning for minimumsavdrag. Nytt avdrag vert berekna slik:
Avskrivningar * (lånegjeld / eigendelar)

Grunna store investeringar dei kommande åra, vil avdragsutgiftene auke markant.

Kommunestyret har lagt inn høgare forventa utbytte frå Haugaland Kraft i 2024 og 2025, 110 000,-, og redusert utbytte frå Haugaland Kraft i 2026 og 2027 på 100 000,-.

Reduserte renteinntekter som følgje av vedtaket i formannskapssak 94/2023 FKIB – søknad om forskottering av ENOVA stønad og rentefritt lån.

Disponering

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Overføring til investering	104	246	575	1 914
Avsetjingar til bundne driftsfond	1 729	63	250	52
Bruk av bundne driftsfond	-2 515	-528	-101	-40
Avsetjingar til disposisjonsfond	8 685	464	-2 423	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-3 562
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	8 003	246	-1 698	-1 636
Ført til inndekking i seinare år	0	0	0	0

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Overføring til investering	1 914	856	2 721	0
Avsetjingar til bundne driftsfond	52	52	1 282	52
Bruk av bundne driftsfond	-40	-40	-40	-1 270
Avsetjingar til disposisjonsfond	0	0	6 761	0
Bruk av disposisjonsfond	-3 562	-261	0	-1 962
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	-1 636	606	10 724	-3 180
Ført til inndekking i seinare år	0	0	0	0

Bruk av bundne driftsfond gjeld midlar til dei einskilde sjølvkost-områda, og ikkje nytta øyremerkte tilskot.

Kommunedirektøren føreslår å nytta driftsoverskotet frå 2024 og framover, til investeringar. Årsaka til dette er at kommunen nærmar seg taket for låneopptak på 90 % av brutto driftsinntekter.

Avsetjing til og bruk av disposisjonsfond vert resultatet av alle andre disponeringar i budsjettet.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Kommunestyret sitt måltal for overskotet er 1 % av brutto driftsinntekter. **Budsjettet overskot er ca. 6,5 mill. totalt over fire år, noko som svarar til 0,4 %.**

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Etatane sine driftsbudsjett

Helse, sosial og omsorg

	Rekneskap	Opphavleg	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2023	2024
Helse og sosial	15 275	15 095	15 534	16 573
Institusjon	28 590	28 922	30 150	31 535
Heimebaserte tenester	20 793	19 191	20 152	21 083
Habilitering	27 627	25 331	24 062	33 309
Helsespesialistar	12 447	8 770	10 950	12 749
NAV	8 092	12 982	13 376	15 093
Sum Helse, sosial og omsorg	112 824	110 290	114 224	130 343

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2024	2025	2026	2027
Helse og sosial	16 573	16 819	16 693	16 693
Institusjon	31 535	31 585	31 585	31 585
Heimebaserte tenester	21 083	21 133	21 133	21 133
Habilitering	33 309	32 603	32 603	32 603
Helsespesialistar	12 749	11 644	11 644	11 368
NAV	15 093	10 198	9 098	8 712
Sum Helse, sosial og omsorg	130 343	123 983	122 757	122 095

Mål for etaten:

Digitalisering

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.

- Bruk av omsorgsteknologi skal bidra til å trygge og tilpassa tenester og føre til at innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu lenger i eigen heim.

Kompetanse og måloppnåing

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansomobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

Helse- og omsorg

- Auka innsats på førebygging, eigenmeistring og aktivitet for å motverkar passivitet og einsemd, og slik bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester.
- Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon, dette vil gje reduserte kostnader i helse- og omsorgstenestene.
- Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, betra levekåra til sårbar familiar, barn og unge og hindre utanforskap.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Budsjettet for etaten helse og omsorg ber preg av svært stramme økonomiske rammer. Auke i budsjettet kjem i hovudsak av bortfall for tilleggsrefusjonen for ressurskrevjande tenester for kommunar under 3200 innbyggjarar og auke i introduksjonstønad til flyktningar.

Etaten for Helse, sosial- og omsorg er kommunen sin største etat, og yter grunnleggjande velferdstenester til innbyggjarar i alle aldrar. Nye og store brukarbehov innan aldersgruppa 0-66 år skapar vekst i tenestene. Etaten har vurdert ei rekkje tiltak for å koma i økonomisk balanse. Vi ser at det er vanskeleg å trekkja ut meir ressursar i pleie og omsorgstenestene, då hjelpebehovet og sjukdomsbilete hos også eldre brukarar stiller store krav til fagleg- og medisinsk, teknisk kompetanse. Dette krev at tenestene har tilstrekkeleg kompetanse og bemanning til å utøve lovpålagde tenester.

I 2022 blei ny helse og omsorgsplan for perioden 2022-2032 vedteke i kommunestyret datert 14.12.2023 i sak PS 60/22. Planen gjeld for alle born, unge, vaksne og eldre som bur i Fitjar, som mottak helse- og omsorgstenester. Den skal sikra at mål og innsatsområde er i tråd med statlege styringssignal, kommuneplan og politiske vedtak. Planen drar opp hovudliner i høve til drift og utvikling av nye arbeidsmetodar for å sikre gode pleie- og omsorgstenester sett opp mot demografi. Den demografiske endringa med sterk auke på eldre over 67 år, vil føre til endringar i organiseringa av tenesteytinga. For å møte den demografiske endringa og for å kome i posisjon til å arbeide førebyggjande, må dei framtidige budsjetta reflektere og prioritere konsekvensane som tek høgde av endringar i demografi. Tiltak i helse og omsorgsplanen for 2022-2032 må synleggjerast og implementerast i dei framtidige økonomiplanane.

I 2023 vart det i kommunestyret datert 03.05.2023 i sak PS 20/23 "Rullering av bustadpolitisk handlingsplan". Dette er ein plan som set rammer for det bustadpolitiske arbeidet i kommunen. Tiltak i planen må og sjåast i samanheng med andre planar, sett opp mot tenesteutvikling og framtidige behov i pleie og omsorg, og korleis ein kan nytte den tilgjengelege bygningsmasse eller tilpasse den for å nytte tilgjengelege ressursar best mogleg. Planarbeidet må sjåast i samanheng med tiltak helse og omsorgsplanen 2022-2023. Denne planen vil ha stort fokusområde i 2024.

Kommunen vert stadig tilført nye oppgåver, som krev spesialisert kompetanse innanfor einskilde felt. I 2022 blei det mellom anna pålagt at kommunen skulle ha ein barnekoordinator, dette har ein ikkje funne rom til i budsjettet.

Helseadministrasjon

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Helse og sosial	15 275	15 095	15 534	16 433

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Helse og sosial	16 433	16 679	16 553	16 553

Teneste 1200 Administrasjon:

Under administrasjon ligg etatsjef, einingsleiar med tilleggsfunksjon som helserådgjevar, sakshandsamar på tenestekontoret, samt ein liten stilling på vederlagsberekning.

Administrasjonen jobbar målretta med å søkje på eksterne tilskotsmidlar. I 2023 har etaten søkt, og fått nye prosjektmidlar på omlag 3,7 mill. Dette er midlar som vert nytta til naudsynte

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

og nyskapande tiltak i drifta, og kompetanseheving for tilsette. Prosjektmidlane blir nytta til å styrke pasientnært førebyggjande arbeid og planarbeid på fleire fagområde.

Einingsleiar med tilleggsfunksjon som helserådgjevar har auka leiaransvar, frå leing av legetenesta til no og å gjelde fysio- og ergoterapeuttenesta og psykiatritenesta. Denne stillinga ligg inne med ei delfinansiering gjennom prosjektfinansiering i 2024 på kr 178 347,-. Ut frå auka ansvar vil det vera utfordrande om det i tillegg ligg inne prosjektarbeid. Sjå også omtale om stillingar på rådhuset side 6.

Passive tiltak: styrke einingsleiar med tilleggsfunksjon

2024	2025	2026	2027
178 347,-	178 347,-	178 347,-	178 347,-

Ein held no på med arbeid med å rekruttere einingsleiar med tilleggsfunksjon som helserådgjevar, og reknar med at den tilsette er på plass i medio januar 2024.

Aktive tiltak: 50 % vakanse einingsleiar m/tilleggfsfunksjon

2024	2025	2026	2027
- 42 118,-			

Jf. økonomiplanen for 2023 til 2026 ligg det inne ei styrking av tenestekontoret med ei 50 % stilling frå 2025. Kommunedirektøren føreslår at denne stillinga vert framskunda til 2024, samtidig som ein overfører ei 30 % stilling frå økonomi. Styrking av tenestekontoret med ei 80 % stilling inneber at tenesta får auke i arbeidsmengd, der ein skal gje vedtak på startlån, ansvar for leigekontraktar til dei kommunale bustadane. Tenestekontoret har hatt stor auke i sakshandsaming og saker som kjem inn under koordinerande eining, samt implementering av omsorgsteknologi.

Aktive tiltak: Samordning tenestekontor (overføring av 0,3 stilling frå økonomiavdeling kjem som ei innsparing på administrasjon)

2024	2025	2026	2027
622 179,-	233 325,-	233 325,-	233 325,-

Helsestasjon for eldre er eit lågterskeltilbod med hensikt å jobbe førebyggjande og helsefremmande. Dette kan bidra til at eldre kan bu heime lenger og meistre eigen kvardag.

Aktive tiltak: Helsestasjon for eldre, 60 % stilling

2024	2025	2026	2027
	580 950,-	580 950,-	580 950,-

Diverse eittårige nedtrekk i helseadministrasjonen og pleie og omsorg

Aktive tiltak: Diverse eittårige nedtrekk

2024	2025	2026	2027
- 200 000,-			

Aktive tiltak: Ressursstyring pluss

2024	2025	2026	2027
140 000,-	140 000,-	140 000,-	140 000,-

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Teneste 2347 Støttekontakt/ 2540 Omsorgsløn

Dette er økonomiske tiltak som er viktig i omstillingsarbeidet og dimensjonering av tenestenivå, med mål om å utsetje behov for helsetenester på eit høgare tenestenivå. Det vert nytta støttekontakt, avlastning og omsorgsløn som ein kompensasjon for å legge til rette for familiar som treng avlastning, samtidig som tenestemottakaren får eit tilbod om aktivitet. I 2023 har det vore ei auke i behov for avlastning og støttekontakt for born med samansette behov, disse behova vil og vera gjeldande for framtida. Skal kommunen klare å møte disse behova, er det behov for å kartlegge om det er mogleg å få til eit kommunalt avlastningstiltak for born i nær framtid for å støtte opp om dei behova som ligg føre no, og i nær framtid.

Teneste 2333 Krisesenter:

Krisesenteret vest IKS har 16 eigarkommunar og har i dag to lokale, i Haugesund og Stord. Det er planlagt at eit nytt bygg skal vera klart i 2027 i Tysvær kommune, ein får då samla tilbodet under eit tak. Tenesta har ei auke tilsvarande SSB sin pris og lønsvekst.

Teneste 2411 Legevakt:

Sunnhordland Interkommunale Legevakt (IKS) er organisert som eit interkommunalt selskap mellom Stord, Bømlo og Fitjar. Selskapet driftar legevakta og døgnavdeling (IDA). IDA har 9 institusjonsplassar som er fordelt på 4 sengeplassar for øyeblikkeleg hjelp, og 5 observasjonssenger. Det har vore vesentleg auke i tal henvendingar til legevakta dei seinare åra, og selskapet har ei tyngre og meir kompleks pasientgruppe. Styret og representantskapet har vurdert det som naudsynt å styrke ressurs situasjonen med bakgrunn i auke i henvendingar, aktivitetsnivå samt høgare løns- og prisvekst. Fitjar kommune sin ekstra kostnadsdel er på om lag kr 430 000,-.

Teneste 2440 Barnevernsteneste:

Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) er barnevernstenesta for kommunane Bømlo, Stord og Fitjar, der Stord er vertskommune. Barnevernslova med forskrifter regulerer ansvaret og arbeidsoppgåvene til barnevernet.

Barneverntenesta si hovudoppgåve er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skada helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. I tillegg skal barneverntenesta bidra til at barn og unge får trygge oppvekstkår. Barnevernstenesta skal mellom anna gje råd og rettleiing, gjennomgå meldingar og gjera undersøkingar, gjera vedtak etter lova og/eller førebu saker til handsaming i barneverns- og helsenemnda, setja i verk og følgja opp saker.

Hovudprioriteringar

Gjennom Oppvekstreforma (også kalla Barnevernsreforma) og ny barnevernslov er krava til kvalitet på sakshandsaming og betre ressursutnytting auka. Barneverntenesta må prioritera dei mest alvorlege sakene, noko som igjen medfører at terskelen for å få tiltak i barnevernet vert heva dersom ein ikkje tilfører meir ressursar. Dette set krav til samarbeid i oppvekstsektoren og det er nødvendig å sikra eit heilskapleg og koordinert tilbod der den samla kompetansen kommunen rår over vert nytta mest mogleg effektivt. Det er behov hos den einskilde som skal vera styrande for kva tilbod ein får, målet er å styrka det samla laget rundt barnet samstundes som barneverntenesta får meir spesialiserte og spissa tiltak og kan bistå i dei mest alvorlege sakene. Eit slikt tiltak er MST-CAN team som me har etablert saman med Haugesund og Karmøy barnevernsteneste. MST-CAN er eit behandlingstiltak som rettar seg mot familiar der det førekjem vald og/eller alvorleg omsorgssvikt. I tillegg til MST-CAN opprettheld barnevernstenesta fokus på endringsbasert rettleiing som hjelpetiltak inn mot foreldreheimen og eller fosterheimen for å unngå flyttingar og brot.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Det er kommunen sjølv som skal syta for at barn og unge med milde til moderate, psykiske vanskar får hjelp. Barnevernstenesta erfarer at spesialisthelsetenesta også forventar høg grad av innsats frå kommunen i saker der barn og unge har meir komplekse og omfattande psykiatriske helseutfordringar/diagnosar. Dette igjen påverkar ressursbruken i tiltaksteamet til barnevernstenesta. Kommunen har forventning til at FACT-UNG vil redusere saksmengda i barnevernstenesta.

Krava til oppfølging av barn i fosterheim og institusjon har blitt vesentleg skjerpa. Dette som konsekvens av dommar mot Noreg i Den Europeiske menneskerettighetsdomstolen (EMD) og seinare endring i norsk rettspraksis. Det stilles i dag strengare krav til ivaretaking av barn og foreldre sin rett til familieliv. Retten til familieliv skal ivaretakast gjennom målretta innsats for å oppnå mål om gjenforening, samt betre tilrettelegging og gjennomføring av samvær mellom foreldre og barn. Krav til dokumentasjon av tenesta sine barnevernfaglege vurderingar er også skjerpa. Tenesta har via stimuleringsmidlar frå Statsforvaltaren sitt læringsnettverk i Vestland styrka interne rutinar og prosedyrar på dette feltet i samarbeid med Bjørnafjorden kommune.

I budsjett for 2024 har kommunedirektøren lagt inn kostandar knytt til drift av SIB tilsvarande forventa forbruk i 2023, inkl. løns og prisvekst. Når det gjeld tiltaksbudsjettet for Fitjar er det lagt inn utgifter knytt til kjende tiltak for barn/ familiar per. 31.08.2023. Kommunedirektøren ser at det kan bli ein krevjande driftssituasjon om eventuelle nye omsorgsovertakingar eller institusjonsplasseringar må dekkast innanfor tildelt budsjetttramme. Dersom dette skjer må administrasjonen koma tilbake til det i revidert budsjett.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Pleie og omsorgstenestene

I budsjettvedtaket for 2023 skulle ein auke opp med tre institusjonsplassar og ein skulle gå frå fire til ein kortidsplass. Dette tiltaket har ein ikkje klart å realisere då ein i perioden har hatt stor pågang på kortidsopphold. Det har vore naudsynt å ta i bruk ledige rom på Havnauset, for å ta imot utskrivingsklare pasientar, gje avlastning til familiar og kortidsopphold. Det å nytte Havnauset til dette føremålet har ein erfart gir ein positiv effekt i tilfriskningsprosessen for brukarane.

Kommunedirektøren legg i budsjettet for 2024 opp til at ein har 20 langtidsplassar og fire kortidsplassar på sjukeheimen, og at det vert lagt til rette for at ein nyttar to av dei ledige leilegheitene på Havnauset til korttidsopphald og avlastning der omsorgsbehovet til pasientane tilseier at det er mogleg. Dette vil jf. helse og omsorgsplanen, vera ei meir effektiv drift og kan dempe presset på langtidsplassane på sjukeheimen.

I 2024 vil pleie og omsorg sette ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på korleis ein kan nyttiggjere seg av ressursane som ligg til dagtilbodet for demente, demensteamet, høyrsekontakt, og samarbeid med fysio- og ergoterapitenesta, for å sjå på korleis ein samla disse ressursane i det førebyggjande arbeidet. Ein vil og sjå på moglegheita for å skape meir aktivitet på Havnauset for å gjere dette butilbodet meir attraktivt for målgruppa. Dette vil vera eit viktig grep då framskrivinga viser at det blir ein auke på om lag 80 % i aldersgruppa over 80 år fram mot 2032 (jf. SSB tabell 13600).

Omsorgsteknologi er ulik form for teknologisk assistanse som kan bidra til auka tryggleik, sosial del-tak-ing, aktivitet og mobilitet. Teknologien kan hjelpe den enkelte til å klara seg sjølv til tross for sjukdom og- eller nedsett funksjonsevne. Omsorgsteknologi kan vera løysingar som tryggleiksalarm, digital heime-opp-fylging, kunstig intelligens, samt administrasjonsverktøy som legg til rette for at brukar, pårørande og teneste får ei betre samhandling. Fitjar kommune har over mange år nytta tryggleiksalarmar, ein har no tatt i bruk anna teknologi som medisindispensarar og GPS. Ein vil og framover ta meir aktivt i bruk digitalt tilsyn, og meir avansert sensorteknologi. Å ta i bruk teknologi krev endringar i kultur og arbeidsmåtar. I det vidare arbeidet vil teneste prioritere god opplæring til dei tilsette og gje god informasjon ut til innbyggjarane og pårørande. Omsorgsteknologi vil vera eit viktig fokusområde i 2024.

Når spesialisthelsetenesta melder om utskrivingsklare pasientar pliktar kommunen å ta imot dei. Pasientar som vert meldt utskrivingsklare har større og meir omfattande behov for spesialisert helsehjelp i kommunen. Dette aukar behov for spesialkompetanse hjå helsepersonell. Fitjar kommune satsar på kompetansebygging og legg til rette for at tilsette skal kunne ta vidareutdanning og ulike ABC-kurs (vidareutdanning for helsefagarbeidarar).

Fitjar kommune har som fleire andre kommunar utfordringar å rekruttere helsepersonell, då spesielt i små stillingar, og erfaringar frå dei siste åra viser at det er svært utfordrande å få inn vikarar ved sjukdom og korte vikariat. Hausten 2022 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på moglegheiter for heiltidskultur. Arbeidsgruppa består av representantar frå tillitsvalde, politikarar og tilsett frå personal. I laupet av perioden har pleie og omsorg tilsett fire 100 % stillingar i vikarpool for å sikre at ein har kvalifisert arbeidskraft ved ulik fråvær. Det å ha faste vikarar som kan setjast inn i ulike vikariat, har ein tru på kan dempe det store arbeidspresset på dei tilsette og føre til mindre sjukefråvær.

Det å ha faste vikarar for å sette inn i fråvær har ein forventning om vil gje eit mindre sjukefråvær i tenestene.

Aktive tiltak: Forventa betring på sjukefråvær i pleie- og omsorg

2024	2025	2026	2027
-149 562,-	-149 562,-	-149 562,-	-149 562,-

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Institusjonstenester

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Institusjon	28 590	28 922	30 150	31 535

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Institusjon	31 535	31 585	31 585	31 585

Som resten av landet erfarer Fitjar kommune at behovet for langtids plass på demensavdeling er aukande.

Teneste 2530 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon

Pasientgruppa som vert lagt inn på sjukeheimen er endra. Pasientane er sjukare og treng hjelp til alle daglege gjeremål. Det vert forventa at kommunen overtek pasientar frå spesialisthelsetenesta på eit tidlegare tidspunkt og ferdigbehandlar dei i kommunen. Dette krev at kommunen må ha nok kompetanse til å følgje opp krevjande behandling.

Kommunedirektøren foreslår at ein styrkar leiarressurs på natt for å samordne nattevaktene på Fitjar Bu og behandlingssenter og Havnauset for å nytte ressursane best mogleg.

Aktive tiltak: 20% Leiarressurs natt

2024	2025	2026	2027
149 568,-	149 568,-	149 568,-	149 568,-

Teneste 2532 Institusjonskjøken:

Institusjonskjøkenet leverer mat til sjukeheimen, Havnauset og heimebuande, i tillegg vert det kvar onsdag levert mat til "Aktive saman – matglede". Ernæring er ein viktig nøkkel i god eldreomsorg, noko som det er stor nasjonal satsing kring. Det vert lagt inn ein kostnadsauke på middag med 4,3 %.

Teneste 2341 Dagsenter for demente:

Dagtilbodet for personar med demenssjukdom gjev tilbod to dagar i veka. Tilbodet legg til rette for aktivitet for brukarane og avlastning til pårørnde. I 2023 vart tenesta overført til sjukeheimen, for å effektivisere bruk av personell sin kompetanse og på demensavdelinga. Det vert lagt inn ein kostnadsauke på middag med 4,3 %.

Heimebaserte tenester

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Heimebaserte tenester	20 793	19 191	20 152	21 083

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Heimebaserte tenester	21 083	21 133	21 133	21 133

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Det overordna målet for tenesta er at ein legg til rette for at innbyggjarane skal bu heime så lenge det er fagleg forsvarleg.

Teneste 2540 Pleie og omsorg i heimen

Heimetenesta er den tenesta som har dei største variasjonane både i alderssamansetting og behov. I 2023 har heimebaserte tenester ulike hjelpetiltak til omlag 55 brukarar, som er fordelt på heimesjukepleie, heimehjelp/praktisk bistand, mat levert frå kjøkenet v/sjukeheimen og tryggleiksalarmar og anna omsorgsteknologi.

På Havnahuset bur det i dag 11 eldre som får tett oppfølging frå heimesjukepleien og heimetenestene, der fleire er over 90 år med store hjelpebehov. Leilegheitene er ikkje dimensjonert for så store hjelpebehov og tekniske hjelpemidlar som fleire av brukarane har behov for. Prosessen med å gje tenestetilbod på rett omsorgsnivå er starta, der fleire no har fått sitt tilbod på Fitjar Bu- og Behandlingscenter.

Eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring vert auka med 4,3 % i 2024.

Habiliteringstenesta

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Habilitering	27 627	25 331	24 062	33 309

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Habilitering	33 309	32 603	32 603	32 603

Habiliteringstenesta yt tenester til personar med omfattande og samansette behov, her under og for ressurskrevjande tenester, dagtilbod i Bakken og VTA arbeidsplassar på Podlen Verkstad AS.

Tenesta har årleg gjennomgang av enkelt vedtak, der ein ser på behov og om det er moglegheiter for å effektivisere drifta.

Erfaringar viser at det er særst vanskeleg å unngå nye tiltak når ein får nye brukarar med behov for omfattande helsehjelp. Tenesta har høg grad av individuell tilpassing. Viktige faktorar som det må takast høgde for er at dette er ei brukargruppe som er avhengig av kontinuitet, stabilitet og føreseielege rammer. Å drive "Målretta miljøarbeid", med endringsfokuserert tilnærming i høve åtferd, krev stabile rammer. Dette arbeidet krev at ein har fokus på utvikling og tydelig leiing. I budsjettframlegget har ein omgjort ei 40 % fagstilling til leiarstilling.

Aktive tiltak: Redusert tilskot ressurskrevjande tenester

2024	2025	2026	2027
731 000,-			

Teneste 2340 Aktivisering til eldre og funksjonshemma

Ein føresetnad for å ikkje få vekst i tenesta er å ha eit godt aktivitetstilbod, slik at ein kan få fram gode tiltak som famnar om fleire personar, og at ein då unngår for mange einetiltak som krev høg bemanningsfaktor. I dag er aktivitetstilbodet til denne brukargruppa knytt til Bakken. Ein erfarer at ein har utfordringar å nytte denne bustaden fullt ut med omsyn til plass grunna aukande brukarbehov.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Tenesta er styrka med ein leiarressurs i 100 % stilling jf. økonomiplanen til å samordne aktivitetstilbodet for personar med utviklingshemming.

Teneste 2540 Pleie og omsorg i heimen

Kommunen har også i 2024 brukarar som kjem inn under refusjonsordninga med særskilt ressurskrevjande tenester, ut frå erfaringar og som prognosen viser, utgjør dette ein brutto kostnad på ca. 46,7 mill. Etter anslått refusjon kostar denne tenesta kommunen netto om lag 22,9 mill., når eigenandel og rammetilskot trekt frå. I dette kostnadsbiletet er ikkje brukarar som fell utanom statleg toppfinansieringsordning tatt med, det gjeld personar over 67 år. Fitjar yt og ressurskrevjande tenester for personar i denne aldersgruppa.

I statsbudsjettet er innslagspunktet for toppfinansieringsordninga auka med anslått lønsvekst. Det er ikkje lagt inn refusjon for tilleggskompensasjon for kommunar med under 3200 innbyggjarar og som har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Det at toppfinansieringsordninga fell vekk forklarar ein del av den store utgiftsauken i tenesta.

Helsespesialistene

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Helsespesialistar	12 447	8 770	10 950	12 749

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Helsespesialistar	12 749	11 644	11 644	11 368

Teneste 2416 Legeteneste:

Legetenesta har tre fastlegeheimlar og ein stilling til lege i spesialisering (LIS1). I tillegg er det 2,1 årsverk til helsepersonell.

Det vart i september tilsett ein ny fastlege i næringsdrift, som i tillegg har kommuneoverlegefunksjon i 20 % stilling. Kommuneoverlegen skal støtte arbeidet med samfunnsmedisin og miljøretta helsevern. I tillegg kjem det arbeid og oppfølging kring smittevern, beredskap, rutinar og utvikling av legesenteret, rettleiing av LIS1 og samarbeid med helsetenestene.

Fitjar legesenter har pr. i dag fastlegeliste til 2 600 pasientar, dette inneber at ein manglar 700 på fastlegeliste for å støtte innbyggjartalet. Erfaringar syner at det er stort press på tenesta og det vert lagt meir oppgåver og forventning på fastlegen si oppfølgingsplikt. Den demografiske utviklinga vil føre til at det vil vera eit behov for å styrke legetenesta i nær framtid.

Det er ein fastlege som har sagt opp stillinga si frå 1. januar 2024, kommunen har gått bredt ut med lysing og tatt kontakt med legar som ein har kjennskap til. Det er pr. I dag ingen aktuelle søkjarar, så ein legg til grunn at ein må leige vikarleige gjennom byrå.

Aktive tiltak: Vikar gjennom vikarbyrå i 6 månadar

2024	2025	2026	2027
1 720 179,-			

Aktive tiltak: Auke kommunelege frå 20 % til 50 %

2024	2025	2026	2027
1 500 000,-	2 100 000,-	2 100 000,-	2 100 000,-

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Teneste 2417 Fysio- og ergoterapitenesta

Fysio- og ergoterapeutane yt tenester til alle aldersgrupper, og med varierte diagnosar. Kommunefysioterapeuten yt i hovudsak tenester til barn, funksjonshemma og eldre. Målsetjinga for tenesta er å hjelpe brukaren til best mogleg funksjon utifrå brukaren sin føresetnad, samt gje god livskvalitet for den enkelte. Ergoterapeutane arbeider i forhold til å betra eller vedlikehalda brukaren si funksjonsevne, og gjera det mogleg utifrå den enkelte sin føresetnader å vera sjølvhjelpen i kvardagen så langt det går an.

Fysio- og ergoterapitenesta består av ei 100 % kommunal fastløna stilling og ei 70 % stilling som ergoterapeut. I tillegg har kommunen fysioterapeutar på 220 % stillingar med driftstilskot, stillingsheimelen er fordelt på tre personar. Dei driv i hovudsak med kurraktiv behandling.

Disse stillingane er viktige i det førebyggjande arbeidet og i dimensjonering av tenestenivået. Tenesta har stor pågang for oppfølging og opptrening, og det er ei stor auke kring barn med behov for oppfølging. I tillegg er det mykje arbeid med søknad, tilrettelegging og utprøving av hjelpemidlar. Ein ser eit stort behov for at tenesta vert stryka, spesielt med omsyn til barn med samansette behov, men ein har ikkje funne rom til dette i budsjettet for 2024.

Passive tiltak: 30 % ergoterapeut

2024	2025	2026	2027
186 992,-	186 992,-	186 992,-	186 992,-

Psykiatritenesta 2545

Tenesta gjev tilbod til vaksne over 18 år, tenesta har gjennom dei siste åra og bistått barn/ungdom. Målgruppa er personar som slit med å fungera i kvardagen grunna psykiske vanskar.

Ein erfara at det er ein vesentleg vekst i nye brukarar og behov for tiltak kring brukarar med samansette behov.

Etter at det vart innført betalingsplikt for overliggjardøgn i spesialisthelsetenesta innan rus/psykiatri, utfordrar dette lokal behandlingsskapasitet- og kompetanse. Spesialisthelsetenesta utgreier og gjev diagnose, medan kommunane i større grad enn før skal følgje opp og gje tilbod om behandling/oppfølging.

Tenesta består av 180 % stillingsheimlar med psykiatrisk sjukepleiarar, fordelt på to personar. Kommunen har søkt og fått innvilga prosjektmidlar frå 2020-2023 for å styrke tenesta, disse prosjektmidlane går ut i 2024. I arbeidet med oppvekstreforma har ein søkt å fått statlege midlar til å styrke det førebyggjande arbeidet kring barn og unge, der psykisk helse er ein viktig faktor. For 2024 vert tenesta styrka med prosjektmidlar som tilseier ei 20 % stilling, når disse midlane går ut er det ei forventning om at kommunen vidarefører prosjektstillinga.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Nav

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
NAV	8 092	12 982	13 376	15 093

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
NAV	15 093	10 198	9 098	8 712

Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing:

Denne posten må sjåast i samanheng med 2760 kvalifiseringsprogrammet og 2810 økonomisk sosialhjelp. Målet i tenesta er å hindre at nokon lever under fattigdomsgrensa ved å styrke brukarar si tilknytning til arbeid eller utdanning slik at dei kan forsørge seg sjølv.

Tenesta har over tid hatt eit stort fokus på individretta tiltak og ressursinnsats, med meir individuell oppfølging både for økonomisk rettleiing og aktivitetsplikt. Eit av fleire tiltak er å få meir tid til planlagde brukarmøte gjennom å prioritere brukarane som er lengst frå jobb. Tenesta nyttar det digitale verktøyet "DigiSos», som tek imot søknadar om sosialhjelp elektronisk.

Gjennom opptrappingsplanen for rusfeltet, har ein søkt om prosjektstillingar over fleire år og fått midlar. Stillingane går inn i den tverrfaglege oppfølginga av tilbod til personar med rusproblem, samt at det blir jobba med førebygging opp mot unge i NAV.

«Laget» er eit aktivitetstiltak for å få unge under 30 år i aktivitet. Kommunen har erfarte at tiltaket har gjeve positiv effekt. Aktivitetane ein har gjennomført gjev meistring, dei som deltek i teamet støttar og rettleiar kvarandre, som igjen skapar positive sosiale relasjonar. Samla sett ser ein tiltaket er førebyggjande både i forhold til barnefattigdom, psykisk sjukdom og rus. Tiltaket har lukkast i å få fleire i arbeid eller vidare på utdanning. Dette er eit av dei verknadsfulle tiltaka som har ført til at kommunen har klart å stabilisere budsjettet til sosialhjelp. Prosjektfinansiering på denne stillinga går ut i 2024. Jf. økonomiplanen er denne stillinga vidareført i budsjettperioden.

I 2022 fekk kommunen tilskotsmidlar til Miljørettleiar, rus og psykisk helse. Denne stillinga er knyta opp mot ungdomskule og Nav. Målet med stillinga er å styrkje det rusførebyggjande tilbodet til barn og unge, hovudsakleg i ungdomsskulealder.

Prosjektet NAV i vidaregåande vart erstatta med ungdomskoordinator i 2021. Målet med stillinga er å fange opp unge som fell utanfor arbeid og utdanning i ei tidleg fase. Ein nyttar erfaringar frå prosjektstillinga NAV i vidaregåande og har tatt ein del av stillinga til å arbeide målretta inn mot vidaregåande skule i tillegg til anna oppfølgings arbeid for barn og unge.

Tiltaket med "Miljørettleiar, rus og psykisk helse" og "Ungdomskoordinator" vert i dag finansiert med tilskotsmidlar for samansette tenester, noko som medfører at tiltaket er avhengig av vidare prosjektfinansiering. Tilskotsmidlane vert trappa ned for kvart år, dette inneber at ein 2024 kun har prosjektfinansiering for ei 50 % stilling for å tilbodet med ungdomskoordinator, frå 2025 dett prosjektfinansieringa ut. Miljørettleiarstillinga kan kommunen søkje om prosjektmidlar i tre år fram i tid, det vil i perioden bli ei nedtrapping i prosjektfinansiering.

Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp:

Sosialhjelp skal vera ei subsidiær yting. Dette inneber at den einskilde må nytte alle andre mogelegheiter før ein har rett på stønad. Stønaden skal vera mellombels, og bør ta sikte på å gjera vedkomande sjølvhjelpen snarast mogleg.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Pr. 01.10.2023 har kontoret motteke 490 søknadar om sosial stønad, det er registrert 102 aktive brukarar, der 4 av brukarane går på rein sosialhjelp. I 2022 var det registrert 89 aktive brukarar og det vart motteke 408 søknadar om sosial stønad, av dei var det 14 brukarar som gjekk på rein sosialhjelp. Auken i aktive brukarar innan sosialhjelp har i hovudsak samanheng med at kommunen tatt imot Ukrainske flyktningar, som ikkje er starta i introduksjonsprogrammet.

Sosialutbetalinga held seg framleis på eit lågt nivå. Resultatet handlar i stor grad om at ein har klart å snu ein prosess, gjennom tettare oppfølging av enkelt brukarar. I tillegg har ein nytta både digitale og miljøterapeutiske tiltak. Kommunedirektøren vel difor å leggje inn ei budsjettramme på lik linje som forventa forbruk i 2023 uavhengig av usikkerheit kring utvikling av straumutgifter og renteoppgang.

Teneste 2430 Tilbod til personar med rusproblem:

Innbyggjarar med alvorlege rusproblem er ei krevjande gruppe som genererer mykje arbeid hjå NAV. Mangel på permanente bustader for dei som manglar buevne, som er i aktiv rusing, fører til eit kontinuerleg press på tenesta. I tillegg observerer ein at det er fleire i denne brukargruppa som har ei svekka helse og treng tettare og omfattande helseoppfølging.

For brukargruppa har det vore positivt at kommunen starta med LAR-utdeling til fast tid på dagen ved Fitjarsjøen 38. I dette tilbudet vert det ytt noko av helseoppfølging og hjelp i kontakt med NAV, noko som har ført til at det er mindre press på helsetenestene og NAV.

Teneste 2422 Flyktingtenesta:

Det er lagt opp til at kommunen skal ta imot 15 Ukrainske flyktningar. Det inneber at ein utsett reduksjon av 125 % stilling for flyktingkonsulentar eit år fram i tid.

Teneste 2750 Introduksjonsordninga:

Det er lagt opp til at vaksne flyktningar deltek i introduksjonsprogrammet i eitt år, Det ligg ein føresetnad om at Fitjar tek imot 15 nye flyktningar jf. Kommunestyre sitt vedtak, datert 04.10.2023 i sak PS 53/23 "Justert oppmoding om å ta imot flyktningar"

Teneste 2760 Kvalifiseringsprogrammet:

Denne posten må sjåast i samanheng med 2810 økonomisk sosialhjelp og 2420 sosial rådgjeving. Krav til aktivitet er heilt sentralt. Det er lovfesta at sosialhjelpsmottakarar under 30 år skal delta i aktivitet, med mindre tungtvegande grunnar talar mot dette. Det er for 2024 lagt inn fire tiltak på denne ordninga.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Oppvekst og kultur

	Rekneskap	Opphavleg	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2023	2024
Skule og oppvekstadministrasjon	29 562	28 532	30 324	29 872
Rimbareid skule	40 193	37 821	41 578	42 187
Øvrebygda skule	7 184	6 913	7 225	7 927
Selevik skule	5 077	4 905	5 000	5 037
Fitjarstølane barnehage	8 003	8 234	8 262	10 357
Kultur	2 833	2 993	3 132	3 795
Sum Oppvekst og kultur	92 853	89 397	95 522	99 175

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2024	2025	2026	2027
Skule og oppvekstadministrasjon	29 872	32 536	31 975	31 680
Rimbareid skule	42 187	41 092	40 377	40 377
Øvrebygda skule	7 927	7 459	7 459	7 459
Selevik skule	5 037	5 037	5 037	5 037
Fitjarstølane barnehage	10 357	10 837	10 837	10 837
Kultur	3 795	3 620	3 620	3 620
Sum Oppvekst og kultur	99 175	100 580	99 305	99 010

Målsetjingar for etaten

Digitalisering

- Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.
- Utvikla samspelet i læringsarenaen. Tydelege pedagogiske val som bevisst brukar digitale løysingar som gir ein vinst i læringsarbeidet.
- Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheitar og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring. Digitaliseringa vil gje ein effektiviseringsvinst i høve kommunikasjon og samhandling.

Kompetanse og måloppnåing

- Fitjar kommune har kompetente og engasjerte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansomobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane. Setja inn andre yrkesprofesjonar der det er mogeleg.

Skule og oppvekst

- Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å holde omfang av spesialundervisning til under 7 % i planperioden. Samtidig har det komme enkeltvedtak om spesialundervisning som har større omfang enn før.
- Gjennomføra planane for utviklingsarbeid i barnehage og skulane i nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet
- Høgt læringsutbytte. Verdiane bør liggje minimum på nasjonalt nivå målt på nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn.
- Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbytte.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

- Fitjar for alle". Sikra sosial utjamning for barn og unge
- Arbeid med å implementere tiltaksoversikt over tenester for barn og unge (BTI).
- Lage ny leseplan for kommunen
- Lage overgangsplan for barnehage til skule/SFO
- Innføra ferieopen SFO i skuleåret 2024/25 som eit eittårig prosjekt

Førebyggjande helse

- Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov.
- Styrkje og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå.

Kultur

- Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla- og etablera nye aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

Oppvekst

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Skule og oppvekstadministrasjon	29 562	28 532	30 324	29 872

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Skule og oppvekstadministrasjon	29 872	32 536	31 975	31 680

Budsjettet for etaten oppvekst- og kultur ber preg av stramme økonomiske rammer. Auken kjem i hovudsak av den nye maksprisen for barnehageplass. Det fører til årleg auke på kr 1 600 000,- i ekstra tilskot til dei private barnehagane. Talet på elevar i grunnskulen går nedover og snittet i høve fødsjar pr år dei siste 5 åra er under 30 barn.

Det samla elevtalet i skulane er no 423 (357 Rimbareid, 44 Øvrebygda og 22 Selevik). Dette er 12 fleire enn sist skuleår. Viss ein samanlikna med 2018 (463 elevar) har det gitt ein inntektsreduksjon, sjølv om det har gått noko opp dette skuleåret. I åra som kjem vil det samla elevtalet ved skulane gå nedover. Prognose for skuleåret 2028/29 viser elevtal på 348 (291 Rimbareid, 37 Øvrebygda og 20 Selevik).

Frå 01.08.2024 Er det foreslått å gå over til ei tredeling på Øvrebygda (firedeling no), og ved Rimbareid vil dei få ein klasse mindre frå hausten 2024

Stillinga som skulefagleg rådgjevar skal framleis delfinansierast gjennom ei prosjektfinansiering gjennom eksterne midlar. Beløpet er på kr 174 500,-. Dette er i tråd med kommunestyret sitt vedtak om reduksjon av administrasjonen i rådhuset. Det same gjeld for stillinga som kultursjef der det er lagt inn ei prosjektfinansiering på kr 100 000. Sjå også omtale om stillingar på rådhuset side 6.

Evne til omstillingar vil prega innhaldet i budsjettet gjennom heile planperioden. Kommunen er framleis i ein omstillingsfase og den vil halda fram gjennom heile økonomiplanperioden. Målsetjingane for planperioden ber preg av målretta endringar som vil endra strukturar og føra til meir effektive måtar å utøva tenestene på. Noko som på sikt vil kunna gje økonomisk mindreforbruk og vonleg auka kvalitet i tenesteutøvinga.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Alle einingar er i eit endringsmodus der ein heile tida søker etter dei beste løysingane for:

- Bruk av digitale løysingar. Få fram ein synleg vinst i form av reduserte kostnader.
- Styrkja og utvikla betre tverrfagleg samarbeid mellom førebyggjande helse, barnehagar og skular. Dette fokuset er forsterka i ny skulebruksplan og gjennom oppvekstreforma/barnevernsreforma.
- Å tilføra ny kompetanse gjennom vidareutdanning og etterutdanning.
- Tidleg innsats og intensiv opplæring for innlæring av grunnleggjande ferdigheiter.
- Innlæring av sosial kompetanse som hindrar mobbing og andre krenkelsar.
- Å sikra sosial utjamning for barn og unge gjennom tilgjengelege moderasjonsordningar

Dette vil i neste omgang føra til auka trivsel, betre motivasjon, betre læringsutbytte og meir medverknad.

Fokuset på kompetanseheving for tilsette i skule, kulturskule og barnehage held fram. Gjennom tilskotsordningar er det oppretta tettare band mellom regionen og statlege overføringar. Kommunane Stord, Fitjar, Sveio og Tysnes har inngått eit samarbeid med HVL (høgskulen på vestlandet) for å sikra kvalitet og oppfølging.

Kompetanse for kvalitet vert vidareført lokalt for grunnskulen og kulturskulen i om lag same omfang som tidlegare. For barnehagane er det ei eiga stipendordning der barnehagepedagogar og styrarar kan søkja om vidareutdanning.

Førebyggjande helse har gjennom ulike tilskotsordningar fått midlar til å styrka jordmortenesta, utvikla helsestasjon og skulehelsetenesta. Me har også fått tilskot som gjer at me har fått familierettleiar i 50% som ein del av helsestasjonen frå hausten 2023. Det er løyvd eit treårig tilskot til LOS- funksjon i ei ny stilling i 71,2 % som ved Rimbareid. I tillegg er det ei prosjektstilling som Miljørettleiar rus og psykisk helse 15-21 år på ungdomstrinnet som eit tiltak frå NAV.

Det er ei målsetjing at læringsutbytte for elevane innanfor fleire av fagfelta i skulesektoren skal bli høgare. Denne perioden er hovudfokus retta inn mot tidleg innsats, intensiv opplæring og inkluderande praksis. Hausten 2023 kom me i gang med temaet universell tilnærming i læringsøkta, noko som skal lede til meir inkluderande og praktisk undervisning.

Fokus på tidleg innsats for 1. – 4. trinn i skulen held fram. Det ligg framleis inne øyremerkte lærartimar som skal styrke dette arbeidet slik som før. 19 timar ved Rimbareid skule. 9 timar ved Øvrebygda skule og 6 timar ved Selevik skule. Desse timane går inn som ein del av lærarnorma. Ny lov tredde i kraft frå 01.08.2018 der skulen har ei plikt til å gje intensiv opplæring for elevar på 1. – 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skrivning eller rekning.

Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i stortingsmelding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden. Hausten 2023 er denne andelen på 7,6 % ein auke på 0,8 % frå året før. Fitjar kommune er ein BTI (Betre tverrfagleg innsats) kommune. Det vil si at alle barn og unge som har utfordringar i livsløpet sitt vil få tilbod om tidleg hjelp av dei ulike hjelpeinstansane i kommunen. Alle tilsette skal arbeida etter prinsippa som ligg inne i handlingsrettleiaren. I planperioden vil oppvekstsektoren, Nav og helse gå saman om eit større eksternt finansiert prosjekt med målet «Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.»

Førebyggjande helse vert ein aktiv bidragsytar i dette arbeidet gjennom tett kontakt med einskildpersonar og familiar.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Det ligg ute ressursar til skulane som samla sett dekker kravet til lærarnorma.

Inntektsgradert foreldrebetaling gjeld for barn på 1.-4. trinn som går på SFO. Foreldrebetaling for eit heilheitstilbod skal maksimalt utgjera 6 % av den samla person- og kapitalinntekta til hushaldet.

Det samla budsjettet byggjer på om lag dei same postane og utgiftsbeløpa som tidlegare år med ein del unntak. Sjå tiltaksliste under dei ulike einingane.

Barnehage:

Barn fødte t.o.m. november har rett til barnehageplass hausten året etterpå.

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga held fram. Hushaldninga skal ikkje betala meir enn 6 % av inntekta til barnehageplass.

Både 2, 3, 4 og 5 åringane har rett til gratis kjernetid i barnehagen dersom foreldra samla har ei inntekt som ligg under ei nasjonal grense. Desse ordningane vert vidareført i 2023. Kostnadane for denne ordninga vert redusert frå om lag kr 260.000,- i 2023 til om lag kr 260 000,- i 2024.

Kostnadane til dei private barnehagane aukar frå 19,65 mill. i 2022 til 21,25 mill. i 2023. Auka skuldast reduksjon i makspris frå 3000,- til 1500,- frå hausten 2024

Fødselstalet for 2023 ser ut til å bli 28 fødte barn. Dette er litt under prognosen, men det er likevel ikkje så langt unna det forventta talet på rundt 30 barn i snitt i året som ligg i økonomiplanen.

Utgifter til barn som går i private barnehagar i Stord kommune vil bli på kr 562.000,- ut frå dei opplysningane ein har no. Utgiftene i 2023 var om lag 735 000,-.

Satsar for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert:

- a. Små born (10 %) 266 749,-
- b. Store born (10 %) 138 402,-

Satsar for kapitaltilskot føl nasjonale satsar

Dei nasjonale satsane for foreldrebetaling i barnehagane for 2024 vert kr 1500,- frå 01.08.2024. Dette er ein reduksjon på kr 1500,- pr måned frå året før.

Redusert makspris – auka tilskot til dei private barnehagane

2024	2025	2026	2027
1 600 000,-	1 600 000,-	1 600 000,-	1 600 000,-

(Heilårseffekt er ikkje lagt inn då effekt på rammetilskotet heller ikkje er med).

Endringar tilskot private barnehagar

2024	2025	2026	2027
- 2 510 000,-	- 945 000,-	- 1 020 000,-	- 1 020 000,-

Skyssutgifter flytte 7. klasse ved Øvrebygda til Rimbareid

2024	2025	2026	2027
40 000,-	61 000,-	61 000,-	61 000,-

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Grunnskule:

Forventa refusjonar frå andre kommunar (2,4 mill.) er innarbeida i konsekvensjustert budsjett. Reduksjon kjem av endring i talet på elevar det gjeld.

Administrasjon grunnskule:

Drift om lag som tidlegare år.

PPT grunnskule og barnehage:

Her har ein i konsekvensjustert budsjett lagt inn prisauken (4 %) som samsvarar med den nye avtalen om felles PPT teneste saman med Tysnes og Stord.

Logopedteneste:

I konsekvensjustert budsjett ligg dei samla kostnadane på same nivå som i 2023 kr 50 000,-.

Skuleskyss og transport:

Takstsona er lik for heile øya. Tidlegare måtte enkelte elevar reisa mellom tre og fire takstsoner. Kostnadane til skuleskyss og transport same som i 2024 samanlikna med 2023.

Vaksenopplæring

Fitjar kommune kjøper desse tenestene av Stord kommune. Tenestene vert finansiert gjennom grunntilskot (kr 643 900,-) og tilskot pr deltakar frå staten.

Kulturskulen:

Det har vore utfordrande å få opp att elevtalet i kulturskulen etter koronapandemien. Det har vore gode samarbeidsprosjekt med barnehagane. Kulturskulen gir eit breitt og godt tilbod. Det vert lagt inn ei prisauke i brukarbetalinga for 2024. Kostnad kvart halvår kr 1 684,- vert til 1 756,- frå 01.08.2024. Auka er i tråd med kommunal deflator på 4,3%.

Det er 30 % søskenmoderasjon for elevplass nr 2 og 3.

Kulturskulen har 89 elevar. Dette er ein nedgang på 4 elevar frå sist år. Det forventast ein auke i elevtal.

Helsestasjon og førebyggjande skulehelseteneste:

Tenesta har eit stort fokus retta inn mot førebyggjande arbeid gjennom helseundersøkingar, vaksinasjon, støtte, rettleiing til gravide, barn, unge og familiar. Ein har dei siste åra styrka helsestasjonen med prosjektmidlar, med auka tilgjenge til helsesjukepleiarteneste. Dette saman med andre helsefremjande tiltak frå skulen si side, verkar førebyggjande mot ulike helseutfordringar hos barn og unge. Leiande helsesjukepleiar er med i utviklingsarbeid og er aktivt med i implementeringa av betre tverrfagleg innsats (BTI). Utviklingsarbeid krev at ein jobbar med både rutinar og planar på tvers av sektorar og fag.

Fitjar kommune inngår eit samarbeid med Stord og Bømlø gjennom Fact ung (m.a. tiltak mot skulevegring og rus).

I 2021 fekk helsestasjonen prosjektmidlar til styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta i ein 50 % stilling. Dette var eit treårig prosjekt. I haust er det tilsett 50 % familierettleiar på nye prosjektmidlar, som også er årleg tilskot dei neste tre åra. Dette er ei styrking på 1 årsverk i samband med oppvekstreforma- laget rundt barnet, og er i samsvar med gjeldande økonomiplan. Helsestasjonen er med i prosjektgruppa for oppvekstreforma og forbyggjande tiltaksteam, som er ein 35 % stilling som er ein del av eigenfinansieringa i forhold til dei nemnde søkte skjønnsmidlar frå statsforvaltaren. Det har ikkje luktast å få tilsett ein psykolog i 50 % stilling. Det er lagt inn ein vakanse i stillinga dei første 6 månadene i 2024.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Rimbareid barne- og ungdomsskule

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rimbareid skule	40 193	37 821	41 578	42 187

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Rimbareid skule	42 187	41 092	40 377	40 377

Grunnskule:

Elevtalet ved skulen har auka frå 345 til 357. Rimbareid vil dei få ein klasse mindre frå hausten 2024. Det er oppretthalde kr 100 000,- til drift av MOT – programmet (Lærarressurs). Skulen har 19 timar til disposisjon som ressurs for intensiv/forsterka opplæring til elevar på 1. – 4. trinn.

Spesialundervisning

Aktive tiltak - § 5.1 - timar (Rett til spesialundervisning)

2024	2025	2026	2027
-156 478,-	-375 497,-	-375 497,-	-375 497,-

Morsmålsopplæring:

Det er lagt inn eit nedtrekk frå 01.08.2024

Aktive tiltak – særskilt norskundervisning.

2024	2025	2026	2027
0,-	-155 431,-	-373 035,-	-373 035,-

SFO og leksehjelp:

Brukarbetalinga for SFO ordninga vert auka i tråd med kommunal deflator på 4,3 %. Kostnad heil plass vert kr 3 395,- pr månad (kr 3 255,- i 2023) frå 01.08.2024.

Prøveprosjekt ferieopen SFO med kostnad på kr 30 000,- i 2024, og kr 60 000,- i 2025.

Aktive tiltak -

2024	2025	2026	2027
30 000,-	60 000,-	0,-	0,-

Øvrebygda skule

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Øvrebygda skule	7 184	6 913	7 225	7 927

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Øvrebygda skule	7 927	7 459	7 459	7 459

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Grunnskule:

Elevtalet har sokke frå 51 til 44 i skuleåret 2022/23 til 2023/24. Frå 01.08.2024 foreslår administrasjonen at dei går over til tredeling på skulen. Denne ordninga gjeld for heile planperioden. Elevtalet er fallande dei neste åra. Skulen har 9 timar til disposisjon som ressurs for intensiv/forsterka opplæring til elevar på 1. – 4. trinn. Det er større behov for spesialundervisning ved skulen enn før.

SFO og leksehjelp:

Brukarbetalinga for SFO ordninga vert auka i tråd med kommunal deflator på 4,3 %. Kostnad heil plass vert kr 3 395,- pr måned (kr 3 255,- i 2023) frå 01.08.2024.

Selevik skule

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Selevik skule	5 077	4 905	5 000	5 037

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Selevik skule	5 037	5 037	5 037	5 037

Grunnskule:

Elevtalet ved skulen er 22. Ein oppgang på 2 frå sist år. Klassesetlet er uendra. Skulen har 15 elevar neste skuleår. Det er 6 timar til disposisjon som ressurs for intensiv/forsterka opplæring til elevar på 1. – 4. trinn.

SFO og leksehjelp:

Brukarbetalinga for SFO ordninga vert auka i tråd med kommunal deflator på 4,3%. Kostnad heil plass vert kr 3 395,- pr måned (kr 3 255,- i 2023) frå 01.08.24.

Svingen barnehage

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Fitjarstølane/Svingen barnehage	8 003	8 234	8 262	10 067

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Svingen barnehage	10 067	10 067	10 067	10 067

2010 Ordinær barnehage:

Ny grunnbemanning og pedagognorm vart gjort gjeldande frå 01.08.18. Norma er vidareført i 2024. Barnetalet har blitt auka frå 34 til 42 frå hausten 2023. 01.01.2024 aukar talet til 53 grunna nedlegging av Årskog barnehage. Av den grunn er talet på pedagogar blitt auka frå 4 til 5 frå 01.08.2023, og vert auka til 6 frå 01.01.2024.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

2110 Teneste for barn med nedsett funksjonsevne

Denne tenesta gjeld spesialpedagogisk hjelp for førskulebarn i eigen kommune og hjelp til barn som bur i annan kommune jf. Barnehagelova § 31, midlar til ekstra assistentar for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagar jf. Barnehagelova § 37. Her er det lagt inn utgifter i konekvensjustert budsjett på kr 790 500,- grunna tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i 2023. Denne utgiftsposten er uendra frå 2024.

Kultur

	Rekneskap	Opphavleg	Budsjett	Budsjett
	2022	2023	2023	2024
Kultur	2 833	2 993	3 132	3 795

Økonomiplan:

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2024	2025	2026	2027
Kultur	3 795	3 620	3 620	3 620

Målsetjingar for 2024

Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla, og etablera nye, aktivitetar for både ungdom og eldre som gjer meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.

Ressursane til kultursektoren er redusert med ei 20 % stilling gjeldande frå 01.04.2020. Prioriterte arbeidsoppgåver innan kultursektoren vart vedteken av formannskapet 19.02.2020. Vedtaket legg føringar for dei prioriteringane som vert gjort innafør etaten. Sjå også omtale om stillingar på rådhuset side 6.

- Ein skal prioritera arbeid som er retta inn mot administrative oppgåver (planarbeid, sakshandsaming, næringspris, kulturpris, ungdomsråd, søknadar om spelemidlar, reiseliv, 17 mai m.m.)
- Arbeida aktivt inn i høve barn og unge, lag og organisasjonar, idrett og friluftsliv.
- Prosjektfinansiering av kr 100 000,- kvart år for heile økonomiplanperioden.

Fitjar Frivilligsentral:

Fitjar frivilligsentral ligg inne med eit statleg tilskot på kr 471 198,-, kor kr 47 446,- var eitårig tilleggstilddeling for 2023. Fitjar frivilligsentral/Fitjar kommune må søkja desse midlane dekkja via statsbudsjettet sidan midlane er øyremerkte. Kriteria for å få desse midlane er at dei har 40 % av beløpet lokalt forankra. Til no har kommunen løyvd kr 44 368,-. Fitjar kommune skal inngå ein ny samarbeidsavtale med Fitjar Frivilligsentral for perioden 01.01.2023 - 31.12.2025. Denne avtalen bør ha føreseielegheit i høve ansvarstilhøve og økonomi, og tilskotet er foreslått auka med kr 200 000,-. Fitjar frivilligsentral har ei svært aktiv rolle i tiltak retta mot barn, ungdom, eldre og flyktningar.

Aktive tiltak – auka tilskot Fitjar frivilligsentral

2024	2024	2025	2026
200 000,-	200 000,-	200 000,-	200 000,-

Aktive tiltak – oppgradera informasjonstavler kulturhistorisk tursti

2024	2024	2025	2026
20 000,-			

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Aktive tiltak – auka bokbudsjett bibliotek

2024	2024	2025	2026
75 000,-	75 000,-	75 000,-	75 000,-

Aktive tiltak –tilskot «Posthistorie»

2024	2024	2025	2026
30 000,-			

Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB):

Kommunedirektøren har i budsjettet for 2024 og i økonomiplanen 2024 – 2027 lagt inn årleg kr 250 000,- i fast tilskot til FKIB.

Fitjar E-sportssenter

Det er inngått avtale om å leiga eit klasserom på FKIB for E-sportssenteret på kr 72 000,- i årlege kostnader. Det er i tillegg lagt inn kr 125 000,- til ei prosjektstilling i 2024 for å få senteret opp å gå. Det er tenkt at senteret skal meir inn mot frivilligheita etter at det er godt etablert.

Aktive tiltak –

2024	2024	2025	2026
125 000,-			

Søknad frå Stiftinga Sunnhordland Museum

Fitjar kommune tok stilling til denne saka i budsjettet for 2023, og av slo søknaden. Me kan ikkje sjå at realitetane for Fitjar kommune i saka har endra seg.

Vurderinga er slik:

Det har kome inn søknad frå Stiftinga Sunnhordland Museum om støtte frå kommunane i Sunnhordland til nybygg på museet. Dette er eit økonomisk spleiselag på ca. 60 mill. kroner som Kulturdepartementet, Vestland fylkeskommune, kommunane i Sunnhordland og private vert invitert til å gå saman om å investere i. Det er i søknaden dokumentert eit tydeleg behov for tiltaket, og Kulturdepartementet og fylkeskommunen har gjeve sine første løyvingar til byggeprosjektet. Søknadssummen frå Fitjar kommune er kr 490 000,-. Då Fitjar kommune ikkje eig Sunnhordland Museum, kan ikkje tiltaket lånefinansierast. Det må difor handsamast som eit tilskot ytt i driftsbudsjettet eller av fond. Fitjar kommune har ansvar for Årskog Museum, og dette museet har framleis eit vesentleg vedlikehaldsbehov, sjølv om det vart gitt tilskot til reperasjon av tak i kommunebudsjettet i 2023.

Kommunedirektøren foreslår at Fitjar kommune må prioritere Årskog Museum framfor tilskot til nytt bygg/vedlikehald på Sunnhordland museum. Kommunedirektøren foreslår å ikkje imøtekoma søknaden frå Stiftinga Sunnhordland Museum.

Håkonarspelet:

Håkonarspelet får løyving på 100.000,- i 2024 som vart gitt i revidert budsjett 2023.

Reiselivskoordinator:

Vidareføre løyving som vart gitt i revidert budsjett 2023 på 50.000,- for 2024

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Samfunnsutvikling og drift

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Plan, byggesak og oppmåling	434	516	565	617
Drift og vedlikehald	24 048	21 610	22 461	26 478
VAR	-696	-2 283	-2 426	-3 469
SFLMK	4 183	3 910	3 291	3 933
Brann og beredskap	5 695	4 507	4 600	5 575
Sum Samfunnsutvikling og drift	33 663	28 260	28 491	33 133

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Plan, byggesak og oppmåling	617	117	-133	617
Drift og vedlikehald	26 478	23 628	23 778	26 888
VAR	-3 469	-3 329	-4 292	-3 469
SFLMK	3 933	3 933	3 933	3 933
Brann og beredskap	5 575	5 575	5 575	5 575
Sum Samfunnsutvikling og drift	33 133	29 924	28 860	33 543

Plan, byggesak og oppmåling

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Plan, byggesak og oppmåling	434	516	565	617

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Plan, byggesak og oppmåling	617	117	-133	-383

Plan, byggesak og oppmåling har ansvaret for

- Planarbeid
- Byggesaker og eigarseksjonering
- Kart og oppmåling
- Matrikkelføring

Mål for avdelinga

- Saker skal handsamast på ein effektiv og god måte og i samsvar med dei gjeldande regelverka som kommunen forvaltar.
- Me skal overhalda dei lovbestemte fristane som gjeld for sakshandsaminga.
- Me skal tilby og utføra oppmålingstenester sjølv.
- Me vil prioritera arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Merknadar til driftsbudsjettet

Grunnbemanninga i avdelinga vert auka med ei 100 % landmålarstilling. Stillinga skal erstatta tenestekjøpet me i dag gjer innan oppmåling, og skal på lengre sikt bidra til reduserte kostnader på avdelinga.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Inntektene på plan og byggesak vert justert med deflator ved at 1M i gebyrregulativet vert justert. Gebyrregulativet vert lagt fram som eiga sak for kommunestyret frå utval for plan og miljø. Dette skjer truleg i februar/mars 2024, etter høyring.

Drift

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Drift og vedlikehald	24 048	21 610	22 461	26 888

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Drift og vedlikehald	26 888	24 008	23 908	23 908

Drift har ansvaret for

- Kommunal bygningsmasse
- Kommunale eigedomar
- Kommunale vegar og parkeringsplassar
- Parkar og grøntområde
- Kommunale kaier og bruer
- Vaktmeistertenester og oppgåver for andre kommunale einingar
- Reinhold av kommunale bygningar

Mål for avdelinga

- Me skal levera så gode tenester som rammevilkåra tillet. Rammevilkåra er både økonomiske (kroner) og menneskelege (tid).
- Alle tenester skal som eit minimum tilfredsstillast krav sett i lov og forskrift.
- Me skal ikkje ha arbeidsulykker som fører til sjukefråver.
- Me skal arbeida for å redusera sjukefråver.
- Me skal kartleggja tilstanden til heile den kommunale eigedomsmassen (tilstandsanalyse), slik at me får eit grunnlag til å planleggja og prioritera naudsynt vedlikehald og nybyggsprosjekt for framtida. Vedlikehaldsetterslepet er i dag stort.
- Me skal arbeida med kunnskapsoverføring og digitalisering. I dag er det mykje kunnskap som ikkje er skriftleggjort eller systematisert, noko som gjer drifta utfordrande.

Merknadar til driftsbudsjettet

Reparasjon av lekkasje i taket på Rimbareid skule er lagt inn med 3,0 mill.

I 2023 var vedlikehaldsbudsjettet redusert med kr 200 000,-. Dette vert reversert att i 2024.

Forventa straumutgifter er stipulert til 4,5 mill. for 2024.

Aktive tiltak – Frisleppområde for hund

2024	2024	2025	2026
30 000,-			

Aktive tiltak – Idrettslaget auka tilskot

2024	2024	2025	2026
130 000,-	130 000,-	130 000,-	130 000,-

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Aktive tiltak – Flexibelt nærbusstilbod

2024	2024	2025	2026
250 000,-	250 000,-		

Vatn, Avlaup og Renovasjon (VAR)

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
VAR	-696	-2 283	-2 426	-3 469

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
VAR	-3 469	-3 329	-4 292	-3 268

VAR har ansvaret for

- Å driva, vedlikehalda og utvikla den kommunale VA-infrastrukturen. Anlegg som er knytt til drifta er:
 - o 1 stk. vassverk
 - o 2 stk. utjamningsbasseng
 - o 1 stk. silanlegg
 - o 6 stk. store slamavskiljarar
 - o 8 stk. avlauspumpestasjonar

Mål for avdelinga

- Me skal levera både nok og trygt drikkevatt til alle.
- Vassleidningsnettlet skal vera robust og dimensjonert med tilstrekkeleg kapasitet både for vanleg forbruk og brannvatn.
- Avlaupsnettlet skal ikkje ha lekkasjar.
- Anlegga våre skal tilfredsstillast alle aktuelle krav til utslepp til ytre miljø.
- Me skal syta for at naudsynte oppgraderingar og utskiftingar vert gjort før det vert manglande kapasitet eller driftsavbrot.
- Me skal planleggja og tilretteleggja for samling av avlaupsvatt og avlaupsreinsing i tråd med framtidige og forventa innskjerpa krav til utslepp.

Forventa innskjerpa krav til utslepp av avlaupsvatt, og utfordringar knytt til vassproduksjon og lekkasjar, medfører at det i 2024 vil arbeidast med moglege løysingar for framtidig vassverk og avlaupshandtering. Funn gjort i arbeidet med ny vassnettsmodell vil liggja til grunn for arbeidet innan vatn. I samband med arbeidet i 2024 må hovudplanane gjennomgåast og reviderast.

Merknader til driftsbudsjettet

Det vert lagt fram eiga sak om VA-gebyr og VA-drifta for kommunestyret etter handsaming i utval for plan og miljø.

Kommunestyret la inn føresetnad om at 750 000,- på vatn og 250 000,- på avløp, av oppsamla underskot ikkje skal takast inn gjennom gebyr.

Kommunestyret la inn lågare gebyr enn kommunedirektøren utan å redusere inntektene.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK)

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
SFLMK	4 183	3 910	3 291	3 933

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
SFLMK	3 933	3 933	3 933	3 933

SFLMK er eit interkommunalt samarbeid mellom Fitjar og Stord kommune, der Fitjar er vertskommune. Det er 4,75 årsverk på eininga. Kommunen sel tenester til Austevoll kommune for ca. 1,13 mill. årleg.

SFLMK har ansvaret for

- Landbruksforvaltning
- Miljø og forureining
- Vilt- og fiskeforvaltning
- Skogforvaltning

Mål for avdelinga

- Saker skal handsamast på ein effektiv og god måte og i samsvar med dei gjeldande regelverka som kommunen forvaltar.
- Me skal overhalda dei lovbestemte fristane som gjeld for sakshandsaminga.
- Me skal vera ein god samarbeidspartnar for Stord kommune
- Me skal levera gode tenester til Austevoll kommune

Merknadar til driftsbudsjettet

Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor sitt budsjett for 2024 er på same nivå som for 2023. Refusjonen frå Stord kommune for 52 % av Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor vert inntektsført under Administrasjon, som tidlegare år.

Brann og beredskap

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Brann og beredskap	5 695	4 507	4 600	5 575

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Brann og beredskap	5 575	5 575	5 575	5 575

Fitjar brann og redning har ansvaret for Førebyggjande oppgåver som;

- Førebyggjande arbeid for å unngå at brann og ulykker oppstår i kommunen
- Førebyggjande informasjonsarbeid retta mot barnehagar og skular
- Førebyggjande arbeid retta sårbar gruppe for brann (eldre, sjuke, rusavhengige etc.)
- Tilsyn og oppfølging av særskilte objekt
- Tilsyn, feiing og informasjonsarbeid for bustadar og fritidsbustadar

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

- Delta i nasjonale kampanjar knytt til brannførebyggjande arbeid
- Planarbeid, byggjesaker og sakshandsaming innanfor brann- og eksplosjonsvernlova
- Handtera avtalar om direktevarsling til brannvesen
- Gjennomføra kurs og opplæring i førstehjelp og brann

Beredskapsoppgåver som;

- Brann
- Redning av menneske, dyr og materielle verdiar
- Trafikkulykker
- Ulykker og redning på sjø
- Akutt forureining
- Helseoppdrag / akutthjelpar
- Bistand til politi ved PLIVO, søk etter personell etc.
- Ivareta politimynde/skadestedsleiing inntil politi er til stades
- Trygghetsalarmer
- Andre akutte hendingar innanfor brannvesenets ansvarsområde

Mål for avdelinga

- Me skal jobba systematisk for å førebyggja brann og ulykker i kommunen, spesielt mot definerte risikogrupper
- Me skal gjennomføra risikobasert tilsynsaktivitet
- Me skal utføra beredskapsanalyse og førebyggjande analyse, og desse skal ligga til grunn for vidare arbeid og prioriteringar
- Me skal jobba med kontinuerleg forbetring gjennom blant anna øvingar, evalueringar og bruk av avvikssystem
- Me skal ha eit godt og oppdatert beredskapsplanverk som byggjer på oppdaterte analysar
- Me skal ha ein god og robust beredskap til å handtera alle typar hendingar
- Me skal etablere ei ordning for overordna vakt som er lovpålagd
- Me skal inneha den kompetansen som er naudsynt for å løysa oppdraga våre
- Me skal ha god oversikt og styring av kompetanse og materiell slik at kostnader og behov for investeringar vert føreseielege og kan planleggjast
- Me skal ha eigna og tilstrekkeleg utstyr til å handtera dei aksjonane brannvesenet skal kunna handtera
- Me skal sikra god rekruttering til brannvesenet

Merknadar til driftsbudsjettet

Dei økonomiske rammene for brann- og redningstenesta er vidareført og oppdatert for å ta høgde for faktisk aktivitets- og lønsnivå.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Politisk leing

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Politisk leing	3 624	11 134	6 556	9 904

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Politisk leing	9 904	11 019	12 919	12 919

Budsjett for politisk leing er stort sett vidareført på same nivå som tidlegare, med fleire mindre justeringar i høve til historisk forbruk. Berre større endringar vert kommentert i det vidare.

Basert på tal frå Statsbudsjettet er det estimert at det sentrale oppgjeret for 2024 vil koste om lag 4,9 % av lønsmassen i kommunen. Det er sett av midlar til dette i tilleggsreserven, som i 2024 sett til 5,0 mill. (mot 7,24 i 2023, og 5,48 i 2022).

Godtgjersle til ordførar og varaordførar vert justert for 2024, i tråd justering av stortingsrepresentantane si godtgjering av mai 2023. Dette i tråd med KS-vedtak 52/19 om at dei godtgjersla skal følgje utviklinga til stortingsrepresentantane. Godtgjersle til kommunestyregruppa er som tidlegare halde på 2014-nivå, 1 300,- per kommunestyrerepresentant.

I tråd med kommunestyrevedtak 71/2023 er det lagt inn godtgjersle for ordførar i 100 % stilling og ordførar i 28 % stilling.

Kontrollutvalet har lagt fram eit budsjett på kr 1 176 776,- for 2024. Dette er ein auke på kr 516 839,- frå budsjettet for 2023.

Auke pensjonskostnadar er lagt på tilleggsreserven i åra 2025-2027.

Aktive tiltak: Fjerna margin, tilleggsøyvingar

2024	2025	2026	2027
-250 000	-250 000	-250 000	-250 000

Det vart lagt inn ei satsing der ein pott skulle setjast av til fellesprosjekt (politisk) der andre kommunar også deltar. Slik økonomien er no, vil ikkje politikarane vera avhengige av denne avsetjinga for slik deltaking. Me ser det difor ikkje naudsynt å ha denne disponeringa vidare.

Aktive tiltak: Ta bort pott til «fellesprosjekt»

2024	2025	2026	2027
-465 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000

Aktive tiltak: Bevilling kontrollutvalet

2024	2025	2026	2027
- 487 000,-	- 487 000,-	- 487 000,-	- 487 000,-

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Administrasjon

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Administrasjon	14 802	14 593	15 749	17 752

Økonomiplan

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Administrasjon	17 752	17 434	16 407	16 137

Mål

Digitalisering

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Økonomiske innsparingar vert synleggjort i budsjettet.

- Digitalisering i administrasjonen vil effektivisere, løysa oppgåver på nye måtar, gje raskare sakshandsaming og lågare administrasjonskostnader.

Kompetanse

- Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.
- Kompetansomobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.

Nærvær og sjukefråvær

- Sjukefråværet skal vera under 7,5 % innan 2025. Reduksjon i sjukefråvær med 10 % i kvar eining frå 2022 til 2023. Sjukefråværet har vore aukande frå 4,2 % i andre tertial i 2022 til 9,5 % i andre tertial 2023. Det er få tilsette som er i administrasjonen og når nokre få er sjukemelde merkast det godt på statistikken, og kollegialt i høve til arbeidsfordeling og mengde. Ved langtidsfråvær er det fare for sjukemeldingar blant fleire grunna for høg arbeidsmengde over tid.

Bygge partnaraskap mellom kommunen og omgjevnadane – kapasitetsbygging

- Attraktive Fitjar - Tettstadsutvikling, miljø- klima- og næringsutvikling.
- Ferdigstille og iverksette reguleringsplan for Fitjar sentrum
- Selskapet Fitjar Utvikling AS skal fremja og bidra til å realisere allmennyttige investeringar som byggjer Fitjar sin attraktivitet.
- Berekraftig distriktsmobilitet Living Lab Fitjar

Budsjettet for administrasjonen er stort sett vidareført på same nivå som tidlegare, med fleire mindre justeringar i høve historisk forbruk.

Plan for digitalisering for Fitjar kommune vart vedtatt i Administrasjonsutvalet i februar 2020. I 2023 skal administrasjonen arbeida med digitalisering av analoge prosessar, som budsjett- og rapporteringsarbeid på økonomisida; i det web-basert systemet Framsikt. Vidare fortsett utrullinga av system for digital handsaming av timelister, registrering av ferier, fråvær, og timeføring til nye avdelingar.

I forbindelse med tilsyn frå Arkivverket vert tempoet på arkivarbeidet intensivert noko; det vert investert i kartlegging av elektroniske system, og plan for langtidsbevaring av elektronisk arkivmateriale. Med dette føl også digitalisering av eldre arkiv, og å sikre lagring i godkjende magasin. I tillegg til å innfri Arkivverkets pålegg, vil det auka tilgjengelegheita og sikra kvaliteten til det arkiverte materialet.

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Reduksjon i tal på årsverk, endring i avdelingssamansetningar har dei siste åra har ført til at det er færre tilsette knytt til Kundetorget, medan oppgåveporteføljen har vore aukande. Kapasitetsreduksjonen fortsetta i 2022, mogleggjort av tilføring av ressurs på personalavdelinga (revidert budsjett 2022). For å sikre oppgåvegjennomføring og kvalitet på produksjonen vil ein sjå på moglege tilpasningsmoglegheiter som kan gjerast i drifta - i tillegg til planlagde digitaliseringsprosessar.

Aktive tiltak: vakanse

2024	2025	2026	2027
-693 000			

Aktive tiltak: Rapporteringsvertøy

2024	2025	2026	2027
195 000	250 000	250 000	250 000

Aktive tiltak: Kjøp lisensar

2024	2025	2026	2027
55 000	87 000	87 000	-183 000

Aktive tiltak: Tilskot til kyrkja

2024	2025	2026	2027
100 000,-	100 000,-	100 000,-	100 000,-

Aktive tiltak: Sluttavtale kommunedirektør

2024	2025	2026	2027
1 466 000,-	1 027 000,-		

Aktive tiltak: Rekruttering kommunedirektør

2024	2025	2026	2027
300 000,-			

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024- 2027

Økonomisk forvaltning

	Rekneskap 2022	Opphavleg 2023	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Økonomisk forvaltning	-6 733	-10 514	-10 672	-13 320

Økonomiplan:

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Økonomisk forvaltning	-13 320	-10 830	-8 070	-4 113

Med ny kommunelov er det i hovudsak fire element som ligg under Økonomisk forvaltning:

- Rentekompensasjonsordninga ligg stabilt på rundt 1,0 mill. årleg
- Utgifter til administrasjon av eigedomsskatten.
- Inntekter ein belastar investeringsrekneskapen for administrasjon av investeringar, og mellomfinansiering av desse. Inntektene varierer i takt med investeringsnivået.
- Tilskot for mottak av flyktningar

Ein føresetnad for auken i inntektene er mottak av 15 flyktningar i 2024. Tilskotet vert gjeve over 5 år der dei tre første åra har høgast sats. Tilskotet minkar difor i perioden.